



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Festsalen, Florø kulturhus
Dato: 13.06.2024
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Jan Gunnar Holvik	INP
Lillian Bratholmen	INP
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Mats Brunsvik	Kinn H
Ørjan Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Bente Nilsen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Tor Åge Gravdal	Kinn AP	Ronny Cassells	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP	Bente Nygård	Kinn AP
Ronny Mobakken	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Bente Olseth	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H	Morten Mortensen	Kinn H
Håkon Skram Heggen	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H	Terje Svardahl	Kinn H
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V

Frå administrasjonen møte:

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen
Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund
Kommunalsjef Runa Nybakk
Kommunalsjef Linda Nipen
Kommunalsjef Norunn Stavø
Norvall Bakke
Elin Sørbotten
Ingunn Frislid Solheim
Margit Drivenes Kløvfjell
Mari Halsør
Henrik Ulriksen
Leiar i kontrollutvalet, Kjell Heggen

Jan Gunnar Holvik tiltredde møtet kl 10.30.

Arlene Vågene delvis forfall mellom kl 11.30 og 12.50. Ingen vara.

Miriam Johanne Nesje forlot møtet kl 14.20. Martin Inge Eikås inn som vara.

38 stemmeberettiga i sakene 075/24 - 079/24, 081/24 og 082/24.

Sak 089/24 vart handsama etter sak 093/24.

Sakene 086/24, 094/24, 095/24 og 097/24 vart utsatt.

Florø, 17.06.2024

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
075/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
076/24	Spørsmål
077/24	Godkjenning av møteprotokoll
078/24	Refererte skriv og meldingar
079/24	Interpellasjonar
017/24	Interpellasjon til kommunestyret - Etablering av nærvarmeanlegg
018/24	Interpellasjon til kommunestyret - Uteområde Florø barneskole
019/24	Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret - Har vi ein sosial boligpolitikk?
080/24	Reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune
081/24	Albertatunet- handsaming av programmering. M2
082/24	Innløysing av festeeigedomar - "Bjørkumeigedomane"
083/24	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-36 - utkast til offentlig ettersyn
084/24	Søknad om fritak frå politiske verv / suppleringsval - Bente Nilsen
085/24	Val av meddommar 2025 - 2028 - Jordskifteretten - Suppleringsval
086/24	Kommunal vigselsrett - suppleringsval av vigslar
087/24	Overordna økonomiske rammer for tenesteområda, revisjon av økonomiplan 2025-2028
088/24	Kinn kommune - Første tertialrapport 2024 med revidert budsjett og finansrapport
089/24	Kinn kommune - Årsrekneskap og årsrapport 2023
090/24	Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023
091/24	Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023
092/24	Kinn utdannings og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023
093/24	Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023
094/24	Vurdering av kommunal foretaksmodell for KF Bordgleder
095/24	Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027
096/24	Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune
097/24	Tilstandsrapport 2023 - Kinn barnevern



Saksnr.	Utval	Møtedato
075/24	Kommunestyret	13.06.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 075/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.
Sak 089/24 vert handsama etter sak 093/24.

Det blir innført taletid i møtet: 3 min. generell taletid, 5 min. hovudinnlegg til kvart parti i kvar sak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik:
Det blir innført taletid i møtet: 3 min generell taletid, hovudinnlegg 5 min til kvart parti i kvar sak.

FrP v/repr. Djuvik bemerker at i sak 083/24 er det blitt gjort ein endring i dokumentet i Framsikt frå behandling i formannskapet til no. Ønsker å sjå endringsloggen frå Framsikt. Kommunedirektøren framskaffer informasjon i løpet av møtet.

Raudt v/repr. Henriksson ber om at sak 089/24 blir tatt opp etter sak 093/24.

Raudt v/repr. Henriksson stiller spørsmål om sak 097/24 skal vere ein referatsak. Det manglar innstilling i saksframlegget.
Kommunedirektøren svarar at det er riktig slik den føreligg, og foreslår framlegg til vedtak: Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Interpellasjon 018/24 frå Venstre v/repr. Nødseth utgår då innsendar ikkje er til stede.

Røysting:

Famlegg frå Raudt om å endre rekkefølga i saklista samrøystes vedteke.


Framlegg frå FrP om innføring av taletid vedteke mot 4 røyster (3 Raudt, 1 SP v/Midtbø).
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 075/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 089/24 vert handsama etter sak 093/24.

Det blir innført taletid i møtet: 3 min. generell taletid, 5 min. hovudinnlegg til kvart parti i kvar sak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/24	Kommunestyret	13.06.2024

Spørsmål

KOST- 076/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Spørsmål frå Høgre v/repr. Brunsvik:

Kan ordførar bekrefte at det kjem eit møte om Nordfjordbadet-prosjektet?

Svar frå ordførar:

Har løpande dialog med Stian Hjelle, og når dei er klar til å presentere for kommunestyret, så lar det seg gjennomføre. Nordfjordbadet er også i kontakt med administrasjonen om å benytte seg av administrative ressursar i arbeidet.

Spørsmål frå SP v/repr. Midtbø:

Etterspør status på oppfølging av Brandsøvegen på sørsida.

Svar frå kommunedirektøren:

Det er ei fylkeskommunal sak, kommunen stiller planressursar til rådghet når dei ber om det. Kommunesdirektøren vil ta kontakt med fylkeskommunen og komme tilbake med informasjon.

Spørsmål frå Venstre v/repr. Iversen:

Ønsker orientering om prosjektet om samarbeid Kapellneset-Raudeberg.

Svar frå kommunedirektøren:

Dialog med fylkeskommunen i mai for å be om møte, dei tar kontakt når dei har utarbeida eit prosjektlag for å drøfte vidare framdrift.

Spørsmål frå Raudt v/repr. Brandsøy:

Etterlyser oppstart av arbeidet med årets TV-aksjonen.

Svar frå komitéleiar Djuvik:

Informasjon vil gå ut til komitémedlemene realtivt raskt, så prosessane kjem i gang.

Spørsmål frå AP v/repr. Sunnarvik:

Kva blir prosessen for å sikre bebuarar ein god veg framover med den auka trafikken i Eikefjord på RV5 til sentrum - Knapstadbakkane?

Svar frå kommunalsjef Sund:


Fylkeskommunen tar over ansvaret, dei skal blant anna rydde skog og legge nytt dekke. Grendalaget kan ta kontakt med administrasjonen, så settast dei i kontakt med riktig kontaktperson i fylkeskommunen.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 076/24 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
077/24	Kommunestyret	13.06.2024

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 077/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 077/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 23.05.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
078/24	Kommunestyret	13.06.2024

Refererte skriv og meldingar

KOST- 078/24 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre, med vedtak i RS 020/24.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Vedtak i sak RS 020/24.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

KOST- 078/24 Vedtak:

Meldingane vert teke til etterretning slik dei ligg føre, med vedtak i RS 020/24.

Underliggende sak:

015/24, Melding om vedtak frå Stad kommune - Regionalt Pilegrimssenter Selje - årsrapport 2023 og verksemdsplan 2024


016/24, Melding om vedtak frå Stad kommune - Revisjon av styringsdokument Selje regionale pilegrimssenter, og utarbeiding av mandat for ressursgruppe RPS

017/24, Signert protokoll generalforsamling Firda Billag 22.05.2024

018/24, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 29.05.2024

019/24, Melding om vedtak: Gjennomgang av møteprotokollar
Ingen vedtak.

020/24, Melding om vedtak: Oppfølging av kommunen sine restansar på sjukepengerefusjonar
Kommunedirektøren skal i løpet av hausten 2024 rapportere til kommunestyret om vidare oppfølging av restansar på sjukefraværsrefusjonar.



Saksnr.	Utval	Møtedato
079/24	Kommunestyret	13.06.2024

Interpellasjonar

KOST- 079/24 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

KOST- 079/24 Vedtak:


Underliggende sak:

017/24, Interpellasjon til kommunestyret - Etablering av nærvarmeanlegg
Ingen vedtak.

018/24, Interpellasjon til kommunestyret - Uteområde Florø barneskole
Sak utsatt.

019/24, Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret - Har vi ein sosial boligpolitikk?

1. Kommunedirektøren førebur sak om kommunen sin bustadpolitikk til første kommunestyremøte etter sommarferien.
2. Dei varsla aukene i kommunal husleige som er på over 20% vert utsett til etter at kommunestyret har fått orientering som nemnt i punkt 1.



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/24	Kommunestyret	09.04.2024
012/24	Kommunestyret	23.05.2024
017/24	Kommunestyret	13.06.2024

Interpellasjon til kommunestyret - Etablering av nærvarmeanlegg

KOST- 017/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Interpellasjon frå V v/repr. Hilmar Eliasson: Etablering av nærvarmeanlegg.

Bakgrunn: Det har gjennom årene blitt gjennomført ulike kartlegginger og rapporter om mulige tiltak for å redusere fotavtrykket av vårt forbruk og dermed utslipp av klimagass i tidligere Flora Kommune. Et tema var mellom annet å hente varme fra Storevatnet til oppvarming av (større) bygg i omkringliggende område. Et slikt nærvarmeanlegg ville gi stabil leveranse av grønn energi til både kommunale og private bygg i tillegg til mulig oppvarming av fortau og (gater). Andre tiltak som ble vurdert var bossforbrenningsanlegg på Botnanset og krav til solenergianlegg i byggeprosjekt langs Solheimslandet og Storåsen sør.

I forslag til gjeldende samfunnsplan for 2024-2027 under tema Klimautslipp så er målet til Kinn Kommune å bli en nullutslippskommune innen 2030.

Det er før initiert gode initiativ av flinke folk i kommunen, som dessverre havner i en skuff og ikke blir bearbeidet videre når situasjonen og muligheten er der, som når vi nå skal utvikle området Hans Blomgate 30-44 gbnr 202/174 (Albertatunet-Florø Barneskule). Av respekt for våre klimamål må alle innsatsfaktorer alltid vurderes, og med tanke på de mange støtteordningene som ligger i det offentlige system.

Mitt spørsmål er derfor:

1) Hvorfor er det ikke i forbindelse med reguleringsarbeidet gjennomført en kartlegging med å etablere et nærvarmeanlegg med sentral i Albertatunet som omfatter både temaområde inkludert område fra SMS-senteret til Florø Omsorgssenter?

2) Kan dette være aktuelt for andre knutepunkt, som for eksempel Krokane?

Vi tar forbehold om å komme med framlegg til vedtak i saken avhengig av svar fra ordfører.

Svar frå ordførar:

I arbeidet med Albertatunet legg prosjektet til grunn Kinn kommune sin vedtekne klima- og miljøplan. I tillegg til at denne planen legg føringar for prosjektet, har det vore gjennomført LINK kompass, som workshop saman med administrativ leiing i kommunen, prosjektavdelinga, formålsbygg, klimarådgjevar og delar av prosjektgruppa til Albertatunet for å finne dei klima- og miljømåla som prosjektet skal ha fokus på.

Arbeidet med miljøoppfølgingsplanen for Albertatunet skal ferdigstillast for politisk behandling ved neste milepæl-passering. Det er utarbeidd eit energikonsept for Albertatunet for å avdekke den mest hensiktsmessige energiforsyningsløyninga for å dekke byggets behov for elektrisitet, oppvarming og kjøling.

Ei varmepumpeløysing med bruk av energibrønner er avdekka som den mest egna løysinga for å dekke termisk energibehov. I tillegg er det gjennomført eit moglegheitsstudie for solceller, som syner at det kan være mogleg å hente ut ein årleg energiproduksjon på ca. 90 000 kWh, og lønnsomheitsberekninga indikerer at særleg anlegg på tak kan være lønnsamt over levetida. Det avhenger derimot av framtidig straumpris.

Det må gjennomførast fleire vurderingar kring dette i tida fram mot detaljprosjektering, før endeleg beslutning vert vedteke. Det er i utarbeiding av energikonsept også medteke vurderingar kring framtidige omsorgsbustadar og gymsal.

Arbeidet med grunnundersøkingar er snart i gong, konkurransen er ferdig og kontrakt inngått med entreprenør. Det er ikkje lagt opp til å undersøke grunnen i Storevatnet for å sjå om det kan være forhold som tilseier at man bør vurdere ein kollektor i vatn som energi kjelde på bakgrunn av konklusjonen i energikonseptstudien.

Erfaringar frå andre prosjekt i Florø:

I Florø har vi eit nærvarmeanlegg på Havhesten som hentar energi frå ein kollektor i sjø. Dette har fungert godt i dei åra dette anlegget har vore drifta, investeringskostnaden med dette var om lag 1,7 millionar og det henta ut gjennomsnittleg 65 og 70 kWh, anlegget krev 20 kWh og har difor ein nettoverdi på omlag 45 kWh. Såleis er investeringskostnaden raskt innhenta på drift.

Kollektoren må opp og reingjerast, på sjø let dette seg gjere med kranbåt, for å klare dette i Storevatnet så vil det vere meir krevjande.

Kan det være aktuelt for andre knutepunkt, som for eksempel Krokane?

Det føreligg på noverande tidspunkt ingen politiske bestillingar om å utgreie dette no, og som følgje av dette pågår det ikkje noko arbeid med dette.

Røysting:


Ingen røysting.

KOST- 017/24 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 24/17764
Sakshandsamar: Bengt Solheim-Olsen
Dato: 01.04.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/24	Kommunestyret	09.04.2024
015/24	Kommunestyret	23.05.2024
018/24	Kommunestyret	13.06.2024

Interpellasjon til kommunestyret - Uteområde Florø barneskole


KOST- 018/24 Vedtak:
Sak utsatt.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Sak utsettast, då innsendar ikkje er til stede.

KOST- 018/24 Vedtak:
Sak utsatt.

Vedlegg i saken:
metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/24	Kommunestyret	13.06.2024

Interpellasjonar og spørsmål til kommunestyret - Har vi ein sosial boligpolitikk?

KOST- 019/24 Vedtak:

1. Kommunedirektøren førebur sak om kommunen sin bustadpolitikk til første kommunestyremøte etter sommarferien.
2. Dei varsla aukene i kommunal husleige som er på over 20% vert utsett til etter at kommunestyret har fått orientering som nemnt i punkt 1.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Kommunedirektøren førebur sak om kommunen sin bustadpolitikk til første kommunestyremøte etter sommarferien.
2. Dei varsla aukane i kommunal husleige vert utsette inntil vidare

nytt forslag frå KRF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
pkt 1 som pkt 1 i Raudt sitt forslag

pkt 2 Dei varsla aukene i kommunal husleige som er på over 20% vert utsett til etter at kommunestyret har fått orientering som nemnt i pkt 1

Interpellasjon frå Raudt v/repr. Daniel Henriksson:

Kinn kommune disponerer ei rekke bustader til utleige for dei som på kommunen si nettside blir beskrevet som "vanskelegstilte på bustadmarknaden". Vidare står det: "Å vere vanskelegstilt på bustadmarknaden betyr at du treng hjelp til å skaffe deg ein bustad på grunn av dårleg økonomi, nedsatt funksjonsevne og helsemessige eller sosiale problem."

Tidlegare var det slik, i alle fall i Vågsøy kommune, at politikarane bestemte kva husleiga skulle vere i kvar av desse boligane/leilighetene. Slik er det ikkje lenger. No er det administrasjonen som gjer dette og etter eit prinsipp som kallast gjengs leige. I følge

Statistisk Sentralbyrå betyr gjengs leige det leienivået som er etablert på stedet. Dette er altså ikkje det same som "markedsbusleige", men vil vel i praksis ligge svært tett opp til det. Kan vi på den eine sida hevde at kommunen skal hjelpe vanskelegstilte med kommunal bustad, og så i neste omgang krevje at dei som får slik bolig skal betale opp mot markedspris for boligen? Dette er sjølmotseiande, spør du meg.

Vi er kjende med at kommunen v/bustadkontoret i fleire tilfelle nyleg har skrudd opp slike busleige svært mykje. I to tilfelle veit vi om ein auke på over 33% frå 2023 til 2024! Når leiga i ein gammal bustad med låg standard kjem opp i ei leige på nesten 14000 kr. (13780) så er det for dei fleste uforståeleg at dette er å hjelpe vanskelegstilte.

Vi er også blitt fortalt at det er vanskeleg å komme i kontakt med bustadkontoret og administrasjonen når dei det gjeld vil ha ei forklaring eller vil klage på denne voldsomme prisauken.

Spørsmål:

1. Er ordføraren einig i at 33-34% auke i kommunale busleige er altfor mykje frå eitt år til neste?
2. Korleis ser ordføraren for seg at vi kan få betre folkevald styring over den kommunale bustadpolitikken?

Tek forbehold om at ein kanskje kjem med forslag til vedtak under handsaminga av interpellasjonen.

Svar frå ordførar:

Kinn kommune har, saman med PWC, kartlagt dei økonomiske rammene rundt utleige av alle dei kommunale bustadane. Kommunen disponerer tilsaman 575 bustadar, av desse er 155 framleige frå private og 420 kommunalt eigd.

Rapporten stadfester at markedsleiga i gjennomsnitt er 18 % høgare enn kva dagens busleige er. Auken som blir gjennomført nå, ligg på 14% i gjennomsnitt. For å sikre god forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomsverdiane er det viktig at leiga speglar utgiftene på området.

1. Er ordføraren einig i at 33-34% auke i kommunale busleige er altfor mykje frå eitt år til neste?

Ved dagens markedsnivå, vil 335 av leiekontraktene få auka busleige og 85 får mindre busleige. Det er eit krav om at busleigeforholdet har vart i meir enn 2 år og 6 mnd for at leiga kan justerast. Derfor blir 166 busleiger justert no. Av desse får 19 bustadar lågare leige.

38 bustadar får ei auke på over 2500 kr pr mnd ved justering til gjengs leige i år. Dette har bakgrunn i at busleiga tidlegare er satt lågt. At den no blir justert opp til gjengs leier kan sjåast på som eit slag nullpunkt, og ev. auke i busleiga framover vil justerast etter KPI kvart år og gjengs leige kvart 3. år. Slik vil ein sikre balanse mellom prisauke og marknadspris.

Per i dag har 9 personer klaga. Alle har fått eit foreløpig svar. Dei fleste har fått eit fullstendig svar og personleg oppfølging.

2. Korleis ser ordføraren for seg at vi kan få betre folkevald styring over den kommunale bustadpolitikken?

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel har tatt innover seg eit behov for å sikre ein velfungerande bustadmarknad. Dette dannar grunnlaget for ein aktiv og strategisk bustadsosial politikk.

Aktuelle punkt frå samfunnsdelen:

* Vi treng nok bustadar som har ulik utforming, storleik og eigarform.

Det er mange aktørar og interessentar i bustadmarknaden. Vi er avhengig av at vi får til samarbeid på tvers av offentlege velferdsbehov og kommersielle og marknadsstyrte

behov.

* Vi skal også auke kunnskap- og handlingskompetanse hos innbyggerane, pårørende og tilsette for å sikre at vi har engasjerte, ansvarlege og sjølvstendige innbyggerar som tek ansvar for eiga helse, alderdom og bustad.

* Vi må sikre likeverdige og ressurseffektive tenester. Mellom anna skal vi sikre at dei som treng det mest får den hjelpa dei treng, og at vi samhandlar heilskapleg og set brukarperspektivet i fokus.

Det viktigaste politiske handlingsrommet ligg såleis i utforming av samfunnsdelen, og dei årlege oppfølgingane av samfunnsdelen i kommunen sitt økonomi og handlingsprogram. Kommunestyret har òg eit handlingsrom i gebyrregulativet, men også her må vi forholde oss til husleigelova sine reguleringer.

Kommunestyret har i gjeldande gebyrregulativ vedteke at «husleiga for kommunale bustadar skal basere seg på gjeldande marknadspris for det aktuelle området. Den vert regulert etter husleigelova. Dette inneberer regulering etter konsumprisindeksen. Dette skjer 12 månader etter kvar signering. Ved høve der det ikkje har vore indeksregulering, kan kommunen sende ut varsel om auke til gjengs leige med dei fristane som lova set».

Avslutningsvis vil eg nytte høve til å invitere kommunedirektøren til å komme med ei utvida orientering, når dei endelege rapportane og analysane på området er gjennomført. Dette for at vi som politikarar kan få eit betre innblikk i kompleksiteten i det bustadsosiale arbeidet.

Realitetshandsaming:

Ordstyrar eller 1/3 av kommunestyret kan avvise realitetshandsaming.

Røysting:

Realitetshandsaming av interpellasjonen samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt punkt 1 samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt punkt 2 falt med 9 røyster frå Raudt, SV og V.

Framlegg frå KrF i 2 punkt samrøystes vedteke.


KOST- 019/24 Vedtak:

1. Kommunedirektøren førebur sak om kommunen sin bustadpolitikk til første kommunestyremøte etter sommarferien.

2. Dei varsla aukene i kommunal husleige som er på over 20% vert utsett til etter at kommunestyret har fått orientering som nemnt i punkt 1.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
080/24	Kommunestyret	13.06.2024

Reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune

KOST- 080/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek oppdatert reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune.
2. Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om korleis finansutvalet skal arbeide.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek oppdatert reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har i K-sak 041/24 vedtatt å oppdatere Reglement for politisk organisering og delegering.

Saksopplysningar:

Reglement for politisk organisering og delegering vart vedtatt i K-sak 087/23. Reglementet har i ettertid vert endra slik:

- K-sak 129/23 - Eldreråd – 6 medlemmar – 2 politisk valde
- K-sak 130/23 - Råd for menneske – 2 politisk valde
- K-sak 136/23 - Politisk leiargruppe – endra til Gruppeleiarutval
- K-sak 158/23 - Eldreråd – 5 medlemmar
- K-sak 040/24 - Observatørar i hovudutvala
- K-sak 041/23 - Oppdatering av heile reglement – utsatt
- K-sak 179/23 - Finansutval

I K-sak 041/24 vart det vedtatt å utsetje sak om endring, for oppdatering av heile reglementet.

Endringar kommunestyret har gjort i samband med oppretting av Finansutval gjer at kommunedirektøren må komma attende med endringar i økonomireglementet og endringar i forskrift for folkevalde sine arbeidsvilkår.

Reglementet i dag består av fem delar:

Del 1: Prinsipp for politisk organisering og delegering

Del 2: Politisk organisering: Politiske organ - medlemmer, arbeidsområde og delegering

Del 3: Ordføraren
Del 4: Kommunedirektøren
Del 5: Mynde knytt til særskilde rolle

Kommunelova:

I kommunelova §§ 5-13 og 5-14 står følgjande:

§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a. organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b. tidsperioden som organet er opprettet for
- c. eventuelle andre sentral bestemmelser om organets virksomhet

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefellesskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.

Vurderingar:

Reglementet er oppdatert jf. framlegg til endring i K-sak 041/23 frå Raudt v/repr. Oldeide og V v/repr. Eliasson, og etter møte mellom administrasjonen og ordførar/varaordførar.

Kommunestyret tek stilling til oppdatert reglement, gjer ev. endringar og vedtek eit oppdatert reglement.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova §§ 5-13 og 5-14.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Nytt avsnitt under punkt 2.1.3, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti

I kommunestyret gjeld generell taletid på 3 minutt. Alle parti kan holde eit hovudinnlegg på 5 minutt i kvar sak. I større saker som for eksempel budsjett og økonomiplan, kan kommunestyret vedta eiga ordning for taletid basert på representasjon i kommunestyret

Finansutvalet, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Kommunedirektør kjem tilbake med ei sak om korleis finansutvalet skal arbeide.

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
Punkt 2.6.6 tredje setning vert endra "Denne funksjonen vert lagt til Ungdommens kommunestyre".

Raudt v/repr. Geir Oldeide kommenterer at punkt 2.9.1 har ein feil i setninga:

"Kommunestyret vel medlem", og må endrast til "Kommunestyret vel medlemmane".

Røysting:

Framlegg frå FrP om taletid vart trekt.

Framlegg frå AP om finansutvalet samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt med endring i teksten falt med 4 røyster frå Raudt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KOST- 080/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek oppdatert reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune.

2. Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om korleis finansutvalet skal arbeide.

Vedlegg i saken:

Reglement for politisk organisering og delegering - Kinn kommune 2023 - 2027 - Utkast til handsaming i K-styret 13.06.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
021/24	Kinn eldreråd	04.06.2024
028/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.06.2024
023/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	05.06.2024
065/24	Formannskapet	06.06.2024
081/24	Kommunestyret	13.06.2024

Albertatunet- handsaming av programmering. M2

KOST- 081/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med Albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2024

1. Vidare arbeid med Albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 04.06.2024

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransegrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 05.06.2024

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 057/ 23 å starte arbeidet med programmering av ny institusjon.

I tråd med vedtaket har administrasjonen, saman med Multiconsult og Link arkitektur (rådgjevargruppa) arbeidd vidare med deloppdrag 1A Programmering t.o.m skisseprosjekt, slik dette er definert i kontrakten. Når deloppdrag 1A er gjennomført vil det vere mogleg å gå direkte på eit detaljprosjekt, føresett at kommunestyret har vedteke dei økonomiske og faglege rammene for prosjektet.

I denne saka er dei viktigaste momenta synt, medan utfyllande informasjon frå programmeringsfasen vert å finne i vedlagt prosjektplan, skisseprosjektrapport og vedlegg til desse.

Samandrag :

Sidan mai 2023 har Kinn kommune saman med rådgjevargruppa Multiconsult og Link arkitektur arbeidd med skisser og utforming av bygget. Det har vore gjennomført brukarinvolvering med både tilsette, leiarar og brukarar av tenestetilboda. Det har vore ein god og grundig prosess der det no vert framlagt eit godt stykke arbeid for å ruste helse og velferdstenestene i Florø til å møte demografiske framskrivingar på ein god og samordna måte.

Det er vedteke at Albertatunet skal romme 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene i Florø, legevakt, dagaktivitetstilbod samt trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine. Dette gjev ein tverrfagleg arena med betre utnytting av ressursar, betre arbeidsmiljø og større mogelegheit for å rekruttere.

Visjonen er at Albertatunet skal bidra til kvalitativ god og effektiv drift av helse, omsorg og velferdstenestene i Florø. Samlokalisering av tenestetilboda, og bruk av velferdsteknologi skal mogleggjere dette.

Undervegs i prosessen i programmeringsfasen har det vore ei målsetting å være så kostnadseffektive som mogleg, alt unødig areal er teke vekk og det har vore fokus på sambruk av areal for å gjere fotavtrykket så lågt som mogleg samtidig som kostnadane vert halde nede. Det er oppnådd ei større arealeffektivitet enn romprogrammet la opp til (innspart 1000 m²).

For å kvalitetssikre prosjektet er det gjennomført usikkerheitsanalyse i tillegg til det som

låg inne i opprinneleg framdriftsplan. Denne peikar på nokre drivarar av kostnader som det vert viktig å styre prosjektet vekk frå.

Ei av desse usikkerheitene er framdrift, prisveksten har vore høg dei siste åra. Den største økonomiske risikoen er difor å vente, marknaden er pt sett på som god, det er stor konkurranse om oppdrag og det er difor viktig å komme raskt i gong med detaljprosjektering av bygget for å unngå ytterlegare prisvekst.

Saksopplysningar:

Albertatunet har no vore gjennom ein programmeringsfase der det er gjennomført ei konkretisering og verifisering av krav og behov i prosjektet. Dette i tråd med Kinn kommune sin prosjektgjennomføringsmodell og oppsett framdrift for prosjektet. Sist kommunestyrevedtak i mai 2023 vedtok ein å gå vidare med 100 institusjonsplassar i tillegg ei samlokalisering av heimetenestene, legevakt og dagaktivitetstilbod.

[Investeringsprosjektet Auka institusjonskapasitet: Økonomiske konsekvensar og gevinstar ressursmessig - funksjonar og tilleggsfunksjonar, og riving av bygningsmasse. \(onacos.no\)](#)

Volumstudie for bygget vart gjennomført i eit forarbeid med prosjektgruppa våren 2023, og bakgrunnen for val av utforming på bygget heng saman med følgjande 5 moment:

- Regulerte grenser og regulerte høgde innanfor T1.
- Helsefagleg vurdering frå Kinn Kommune angående drift av bu-grupper
- Nødvendig ytterfasade for å tilfredsstille dagslys krav i romma som krev det.
- Omkringliggende infrastruktur, hovudinngong, driftsinngong og adkomst parkeringskjellar.
- Ute opphaldsareal

Arkitekt starta med å prøve ut ulike formessige grep innanfor formålsgrense, der punkta over har vore styrande for val av «H-form».

Bu-gruppene er dimensjonerande for resten av bygget, til tross for dette har prosjektet arbeidd og tatt ned arealet så mykje som råd utan at dette skal komme i konflikt med tilskotsordningar frå husbanken eller skape driftsmessige utfordringar når bygget vert teke i bruk.

Nettoareal for bu-gruppene i Albertatunet er totalt på 4910m² for 100 institusjonsplassar. Tilsvarende institusjon i Bergen, Åsaheimen, har eit nettoareal på 4681 m².

Åsaheimen har felles skyljerom for 2 bu-grupper. Dette er endra hos Bergen kommune for nye byggeprosjekt for å redusere smittefare. I Albertatunet er det planlagt for delt skyljerom og arbeidsrom for kvar av bu-gruppene. Dette er beskrive slik både med eit smittevern fagleg omsyn, men også for å drifte så fleksibelt som mogleg, ved å legge til rette for å kunne dele opp til drift av bu-gruppene kvar for seg dersom behovet for mindre skjerma einingar oppstår.

Deling av skyljerom er årsaka til at Åsaheimen har 23 m² nettoareal mindre enn Albertatunet pr bu-gruppe. Totalt utgjør dette 230 m² for alle ti bu-gruppene.

Demografi, framtidsbilde og behovskartlegging:

Frå 2024 aukar talet eldre over 80 år kraftig i Kinn. Det vert også ein sterk auke i talet på menneske med demenssjukdom. Framover vil det derfor vere naudsynt med strammare tildeling av tenester. Innbyggjarane må rekne med å bu i eigen heim lenger, og også klare seg sjølv i mykje større grad. Ny tenestestandard strammar inn kriterier for

å få teneste, og vektlegg sterkare støtte til å bu i eigen heim lengst mogeleg.

I Kinn har vi 150 institusjonsplassar og 65 HDO plassar. Når Albertatunet står ferdig i 2027 vil vi ha 197 institusjonsplassar. Framskrivingar syner at med ei samla dekningsgrad på 18% av 80+ vil vi få forlite plassar i 2034-35. Sjølv om vi legg oss på ei dekningsgrad på 16 %, vil vi i 2040 ha brukt alle tilgjengelege plassar. Men om vi tek ned institusjonsdekninga må vi truleg auke opp kapasiteten i heimetenesta raskare, på grunn av den sterke auken i eldre over 90 år. Albertatunet vil gje moglegheit til fleire kortidsplassar til bruk i rehabilitering, for at brukarane skal kunne bli i stand til å bu lenger i eigen heim.

Behovet for ei auka dekning på institusjonsplassar er som framskriving tilseier nødvendig for å møte framtidig behov, uavhengig av om dekningsgraden vert 16 eller 18 %. Samstundes er behovet for å samordne tenestene og jobbe med effektiv ressursutnytting og oppgåvedeling mellom tenestene eit arbeid som må pågå parallelt med alle framtidige omsorgsbygg.

Arbeid i programmeringsfasen:

Det har gjennom programmeringsfasen vore jobba mykje med involvering av ulike interessentar. I prosjektplanen ligg oversikt over gjennomført aktivitet, og konklusjonar innanføre dei ulike tenesteområda.

Parallelt med å planlegge nybygg har det vore jobba godt med tenesteutvikling knytt til både drift institusjon og drift heimetenester.

Nytt bygg vil ikkje aleine løyse våre utfordringar med mangel på arbeidskraft, difor er det sentralt å jobbe med samhandling og samordning på tvers av tenesteområda for å nytte ressursane best mogleg i framtida. Difor er det også det viktig å samle pleie- og omsorg i Albertatunet.

Tilleggskostnader:

Tilleggskostnader som ikke er inkludert i kalkyle, men som har vært diskutert som aktuelle tilleggsbestillinger er:

- Forberede varmesentral for utvidelse til påkobling for omsorgsboliger på KBA-tomt: 2,5- 3,5 MNOK eks.mva.
- Bygge renovasjonsløsning (terminal) i eget bygg på annen eiendom, forberedt for tilkobling av andre bygg: 7-10 MNOK eks.mva. + erverv og forberedelse av eiendom.

Renovasjonsløsning:

I dagens institusjonar vert det i stor grad nytta alternative renovasjonsløysingar for å effektivisere renovasjonen.

Det har gjennom prosjektet vore vurdert ulike løysingar på renovasjon, utan at det er komme fram ein klår konklusjon. Dette er dyre investeringsløysingar, men vil være driftseffektive på sikt.

Når kommunen ser på og vurderar andre renovasjonsløysingar så vil det være fornuftig å vurdere dette opp mot også framtidige investeringar. Då vil kostnaden være noko høgare for Albertatunet, men være kostnadsbesparande for seinare byggeprosjekt. Dette kan til dømes være framtidige omsorgsbustadar i Hans Blom gt, eller moglegheit for tilkopling for bygg og anlegg i Markegata.

Kostnadane med å kople på framtidige bygg vil være ned graving av rør, samt rør fram til stasjonær løysing. I tilsvarande prosjekt vert slike løysingar nytta til større bustadfelt med oppimot fleire hundre bustadar tilkopla. Den stasjonære løysinga er difor dimensjonert for å handtere fleire seinare tilkoplingar.

I skisseprosjektrapport frå multiconsult føreligg det ei løysingsmatrise for kost/nytte vurdering av dei ulike alternativa.

Varmesentral:

Det er planlagt for at Albertatunet skal ha vannbåren energiløysing, basert på varmepumpe og energibrønnar. Det kan i forbindelse med dette kalkulerast inn kostnadar for utviding av energisentral for også å dekke oppvarming av framtidige omsorgsbustadar på om lag 5500m².

Økonomisk utvikling:

I formannskapet desember 2023 var det lagt fram eit kostnadsestimat på Albertatunet med bakgrunn i erfaringsprisar frå tilsvarande prosjekt i Bergen og norsk prisbok.

Dette estimatet var vart presentert med eit spenn frå 737 MNOK til 1 054 MNOK, og var estimert «top down» (kalkyle på 1 siffer nivå) utan detaljering frå ulike tekniske fag.

Det har vore høg prisauke dei siste åra.

Norsk prisbok syner ei slik endring for prisauke på sjukeheimar sidan 2020:

2020	2021	2022	2023/01	2023/02	2024/01	Total prosentvis auke
41 618 kr, pr BTA	42 966 kr, pr BTA	47 445 kr, pr BTA	53 051 kr, pr BTA	53 837 kr, pr BTA	58 201 kr, pr BTA	39,8 %

Priser er eksl utomhusarbeid, spesielle kostnadar og usikkerheitsavsetning.

Utvikling i materialkostnadar/byggekostnadsindeks hos SSB:

2020	2021	2022	2023/01	2023/02	2024/01	Total prosentvis auke
112,8	116,8	131,4	139,5	141,5	145,0	28,5 %
Materialer						43,4 %

Indeksen syner ei utvikling 2020-24 totalt prosentvis auke 28,5%,- materialprisar 43,4 %

Det vart gjennomført usikkerheitsanalyse februar 24. Det vart på ny utarbeidd estimat der det er hensyntatt prisauken. Det vart då også utarbeidd kalkyler på tosiffernivå (på fag) syner dette ei ny forventa kostnad på 997 MNOK. Kommunedirektøren meiner dette nivået bør leggjast til grunn for planane vidare. (inkl. prisstigning i byggetida og mogeleg tillegg (88 mill. kr.)

Usikkerheits analyse:

Det vart gjennomført usikkerheits analyse tidleg i prosjektet med bakgrunn i kompleksiteten. Analysen tok føre seg alle kostnadar og usikkerheit i prosjektet.

Usikkerheitsanalysen vart gjennomført i Februar med deltakarar frå prosjektavdeling og leiargruppa, konsultentselskapet WSP leia arbeidet og det ligg vedlagt fullstendig rapport frå analysen.

Albertatunet er eit stort og komplekst byggeprosjekt for Kinn kommune. Det er difor naudsynt å jobbe for å kjenne til mest mogleg av usikkerheitane som kan dukke opp. God prosjektstyring handlar i stor grad om å være klar over og styre unna kostnadsdrivande og tidkrevjande prosessar.

Det er difor planlagt gjennomført usikkerheits analysar med jamne mellomrom, både for å styre unna og ta ned dei største usikkerheitane som ligg føre.

Prosjektet skal styrast mest mogleg kostnadseffektivt, ein intern prosjektorganisasjon som føl opp både bygningsteknisk, helsefagleg og juridisk skal på plass før prosjektet går over i prosjektering.

Vurderingar:

Kommunedirektøren har vurdert 3 alternativ som skissert under, i tillegg til det som blei vedtek i mai 23. Med bakgrunn av demografisk utvikling og behov tilrår kommunedirektøren å gå vidare med Albertatunet i tråd med politisk vedtak mai 2023.

Albertatunet i tråd med politisk vedtak mai 2023:

Økonomisk konsekvens: Forventa kostnad med å bygge Albertatunet i sin heilheit er 997 MNOK.

Driftsgevinst: I saka mai 2023, føreligg det vurderingar av alternativkostnad på å samlokalisere tenestene i eit bygg. [Investeringsprosjektet Auka](#)

[institusjonskapasitet: Økonomiske konsekvensar og gevinstar ressursmessig - funksjonar og tilleggsfunksjonar, og riving av bygningsmasse. \(onacos.no\)](#)

1. Albertatunet utan 1 etg:

Krev stor grad av justering i prosjektet, omarbeiding av skisser for å sjå på korleis driftsfunksjonar plassert i 1 etg kan innarbeidast. Krev av prosjektet jobbar vidare med å designe konseptet. Å flytte bu-grupper ned ei etg stiller større krav til støysikring, noko som også vil være noko meir kostnadskrevjande enn å ha bu- grupper i 2. til 4.etasje, vekk frå trafikkstøy og elles støy frå området.

Økonomisk effekt: 1 etg med eit BTA på 2793 m² reduserast, forventa kostnadsbesparing kan vere 89-91 MNOK. Kommunen får tilskot til dagaktivitetstilbod, dette vil fråfalle med ein reduksjon i tilskotet frå husbanken om lag 20 MNOK. Netto innsparing vert om lag 70 MNOK.

Det ikkje rekna inn å ta ned areal i parkeringskjellar, noko som truleg kan være mogleg dersom det ikkje vert planlagt for heimetenester, dagaktivitetstilbod/trening rehabiliteringsareal og legevakt. Krav for parkeringsareal til institusjonsplassar og HDO er 0,2 plass pr. bueining. Dette gjev eit behov for totalt 26 plassar for å dekke kravet til institusjonen, samt framtidige 30 omsorgsbustadar.

Heimetenestene har i dag 18 tenestebilar. I parkeringskjellaren er det tatt høgde for 44 parkeringsplassar, der 5 er HC plassar. Totalt dekkar dette dagens tenestebilar, samt kravet for avsett plassar til institusjon og HDO.

Legevakt, heimetenester (640 m²) dagaktivitetstilbod og lokaler for trening/rehabilitering (600m²) samla utgjer dette 1240m² i 1 etg og 250 m² i u-etg. Dersom desse funksjonane skal takast ut må rom til drift institusjon i 1 etg plasserast andre stader i bygget. Skissene må betydeleg om programmerast og det vil påverke framdrifta i prosjektet.

Driftskonsekvens:

I forbindelse med vedtak frå mai 2023 ligg det føre ei vurdering av driftsgevinst samt driftskonsekvens ved å ikkje samlokalisere helse og velferdstenestene i Florø. Desse konsekvensutgreiingane og alternativkostnad med å ikkje samlokalisere står seg også i dag. [Investeringsprosjektet Auka institusjonskapasitet: Økonomiske konsekvensar og gevinstar ressursmessig - funksjonar og tilleggfunksjonar, og riving av bygningsmasse. \(onacos.no\)](#)

2. Albertatunet med 20 institusjonsplassar mindre:

Økonomisk effekt: 4 etg med eit BTA på 2159m² reduserast. Gjev ein omtrentleg sparing på 112-114 MNOK. Ved å gjennomføre dette mistar også kommunen investeringstilskot for 20 institusjonsplassar noko som tilsvarar om lag 41,5 MNOK. Netto innsparing vert difor om lag 71-73 MNOK.

Driftskonsekvens:

- Tap av investeringstilskot frå husbanken:

Framskrivningane av behov for institusjonsplassar syner at dei siste 20 plassane ikkje vil verte teke i bruk før om lag 2030, men då vil behovet for plassar være tilstade og auke raskt. Kommunen må då planlegge for eit seinare byggesteg, eventuelt auke institusjonsplassar ved Flora omsorgssenter.

Fordelen med å ha to bu-grupper i 4. etg. er nærleik til takhage/stort uteareal samt skjerming. Dette gjer 4. etg. godt eigna til drift av plassar for menneske med demenssjukdom, som har behov for skjerming på mindre einingar.

3. Albertatunet med heildøgns bemanna omsorgsbustader (HDO) i 4 etg:

Økonomisk effekt: Det er grovt utrekna at ein vil kunne bygge 7 HDO omsorgsbustadar innanføre same areal som 20 institusjonsplassar. Byggekostnaden vil være omtrentleg lik, men kommunen vil få lågare tilskot. 41,5 MNOK – 11,9 MNOK = 29,6 MNOK mindre i tilskot. Ergo vert dette vurdert til å ikkje være eit tiltak som gjev reelt kutt i kostnader, men som heller gjev dårlegare økonomi som følgje av lågare tilskot frå husbanken.

Driftskonsekvens:

Framskrivningane syner behov både for heildøgns omsorgsbustadar samt institusjonsplassar. Det vart politisk beslutta å gå vekk frå planar om 80 institusjonsplassar og 20 HDO med følgande begrunning:

«...Imidlertid har fordeling mellom institusjonsplassar og HDO i seinare tid vore diskutert både administrativt og i politiske fora (HSO). Utifrå demografi og erfaring med pleietyngde til dei som får HDO og institusjonsplass vil det vere fagleg klokt å anbefale at dei 48 plassane som skal byggast i tillegg til dei 52 erstatningsplassane, alle blir definert som institusjonsplass.

Det vil bety auka tilskot frå Husbanken, frå ca 1,6 mill kr for kvar HDO-plass til ca 2 mill kr for kvar institusjonsplass. Les meir her: Investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjem – Husbanken.

Erfaringar frå nyleg bygde omsorgssentera med institusjonar og HDO i same bygg, viser at det i praksis er liten skilnad på pleiebehov til dei ulike plassane og dermed bemanning. Dersom det ikkje er mogleg å drifte HDO-plassane med færre tilsette vil det vere uklokt å ikkje bygge dei med tilskot for sjukeheimplass som er vesentleg større enn for HDO. Det er difor ynskjeleg å omgjere plassane til institusjonsplassar og søke Husbankens tilskot for det»

Lenkje til saka: [Investeringsprosjektet Auka institusjonskapasitet: Økonomiske](#)

Økonomiske konsekvensar:

Nytt estimat etter gjennomført programmeringsfase og usikkerheits analyse:

KOSTNADSOVERSIKT				
Element	MNOK ink.MVA (2024-kr)	Brutto kostnad ink MVA, LPS (2027-kr) eks byggelånsrente (BLR)	Brutto kostnad INK. Byggelånsrente (BLR)	Netto kostnad ink.BLR, LPS, hensyntatt MVA-komp og tilskudd fra Husbanken
Basis-estimat	857 MNOK	909 MNOK		
+ Forventet tillegg		88 MNOK		
= Forventet kostnad (P50)		997 MNOK	1047 MNOK	630 MNOK*
+ Usikkerhetsavsetning		155 MNOK		
= P85-estimat		1152 MNOK	1211 MNOK	756 MNOK**
Relativt standardavvik		15 %		19 %

* = justert med MVA-komp (189 MNOK) og Husbanktilskudd (228 MNOK).

** = medtatt 9 mnok i ekstra byggelånsrente og fratrasket 38 mnok i ekstra MVA-komp.

«Kinn kommune har i kommunestyrevedtak fra mai 2023 satt en ramme for prosjektet på 600 mnok, og samtidig satt en utfordrende målsetning om å redusere arealet for institusjonen, og dermed kostnaden for prosjektet.

Prosjekteringsgruppen har gjort tiltak for å redusere areal. Det kan ikke gjøres større arealkutt uten at byggherren samtidig aksepterer å ta bort funksjoner i bygget. Totalt areal slik skisseprosjektets løsning fremstår er på 15869 m2 BTA. I revidert økonomiplan desember 2023 er det planlagt en ramme for prosjektet på 778 mnok.

Prosjektet har gjennomført kalkyle (1-siffernivå) 28.02.2024 og usikkerhetsanalyse-samling 26.02.2024 med rapport fra usikkerhetsanalyse 21.03.2024. I usikkerhetsanalysen er forventet tillegg og usikkerhetsavsetning beregnet, i tillegg til beregning av byggelånsfinansiering og prisjustering til 2027-kroner. I løpet av april/mai 24 er det gjort mer detaljerte kalkyler og flere sammenligninger mot andre prosjekter. I dagens situasjon ser vi sterk årlig vekst i byggekostnadene, samtidig som renten er økt mye de siste årene.

Forventet brutto totalkostnad P50 er beregnet til 997 mnok eksl byggelånsrenter og 1047 mnok ink beregnede byggelånsrenter (i 2027-kroner).

Forventet kostnad er uttrykk for hvor mye det er ventet at prosjektet skal koste når det er fullført. Forventet kostnad kan like gjerne underskrides som overskrides (ref. Finansdepartementets veileder nr.2 om felles begrepsapparat i kvalitetssikring KS2).

Estimert kostnadsramme eller finansieringsramme (P85-estimat) er lik forventet kostnad tillagt usikkerhetsavsetning, og er beregnet til 1152 mnok eksl byggelånsrenter og 1211 mnok ink beregnede byggelånsrenter (i 2027-kroner). Kostnadsrammen angir hvor mye beslutningstakerne har satt av for å finansiere prosjektet. Denne størrelsen inneholder en usikkerhetsavsetning. Det forventes ikke at usikkerhetsavsetningen skal gå med i prosjektet. Usikkerhetsavsetningen disponeres ikke av prosjektet. (ref. Finansdepartementets veileder nr.2 om felles

begrepsapparat i kvalitetssikring KS2).

Fra usikkerhetsanalysen er det beregnet Husbank kompensasjon på 224,2 mnok. Kinn kommune har siden vært i dialog med Husbanken og har estimert tilskudd opp mot 228 mnok. Kommunen kan søke Husbanken om 40 % utbetaling ved byggestart.

Det er forutsatt at byggherren får full MVA-kompensasjon ved gjennomføring av prosjektet. I usikkerhetsanalysen er det medtatt en konservativt beregnet MVA-kompensasjon tilsvarende 171 MNOK (beløpet er avhengig av endelig sluttkostnad og MVA). Justert beregning av MVAkompensasjon ut fra forventet kostnad beløper seg til 189 mnok.

Kalkulert forventet nettokostnad, inkl byggelånsrente og hensyntatt reduksjon som følge av MVA-kompensasjon og Husbanktilskudd: P50: 630 mnok. Kalkulert tilsvarende for kostnadsramme/finansieringsramme P85: 756 mnok.»

Sitat er henta frå Skisseprosjektrapport, Multiconsult, vedlegg 1.

Post	Navn	Forventet kostnad eks BLR	Forventet kostnad inkl BLR
1	Felleskostnader	61	
2	Bygning	300	
3	VVS-installasjoner	77	
4	Elkraft	38	
5	Ekonomisk anlegg og automatisering	30	
6	Andre installasjoner	20	
01-06	Sum entreprisekostnad	526	
7	Utendørs	32	
	Kontraktsarbeid	558	
8	Byggherrekostnad	71	
01-08	Investeringskostnad eks. mva.	629	
9.1	Løst inventar og utstyr, kunst mm.	41	
9.2	Rivekostnader	20	
01-09	Basisestimat	690	
10	MVA	167	
01-10	Basisestimat inkl. mva. 2024-kr	857	
13.1	Prisstigning (LPS)	52	
	Kostnad inkl. Mva og LPS	909	
	Forventet tillegg	88	
	Forventet kostnad (P50)	997	1047
	Usikkerhetsavsetning	155	
01-13	P85-estimat	1152	1211
9.3	Byggelånsrente (P50) (BLR)	50	
9.3	Byggelånsrente (P85) (BLR)	59	

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lenkje til nettside oppdatert med fortløpende informasjon om Albertatunet:
[Albertatunet - Kinn kommune](#)

Hovudvedlegg til saka er:

Skisseprosjektrapport, multiconsult
 Prosjektrapport programmering Albertatunet frå Kinn kommune.

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 081/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med Albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i

prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.

2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 065/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.

2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 05.06.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

HSOUV- 023/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.06.2024:

Røysting:

Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 028/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med Albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransgrunnlaget lysast ut innan årsskifte

Behandling i Kinn eldreråd 04.06.2024:

Røysting:

Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


KIEL- 021/24 Vedtak:

1. Vidare arbeid med albertatunet inneheld dei elementa som tidlegare er vedteke i prosjektet med 100 institusjonsplassar, ny base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine- allrom.
2. Arbeidet med prosjektering av Albertatunet vert gjennomført som det går fram av saka, med mål om at konkurransegrunnlaget lysast ut innan årsskifte.

Vedlegg i saken:

1. Skisseprosjektrapport, multiconsult
- H02.01 Bygningsfysiske premisser (1)
- H02.02.1 Brannteknisk konsept (1)
- H02.02.2 Brannteknisk konsept. Dokumentasjon (1)
- H02.02.3 Brannteknisk konsept. Tegninger (1)
- H02.02.4 Plan for alarmorganisering Albertatunet (1)
- H02.03 Akustisk konsept (1)
- H02.06 Dagslysberegninger (1)
- H02.08 Beregningsforutsetninger RIB (1)
- H03.02 Tilstandsanalyse Florø sjukehus
- H03.03 Sol og skyggeanalyse (1)
- H03.04 Miljøkartlegging Florø sjukehus
- H03.05 Ombruk Florø sjukehus
- H03.06 Støyrapport (1)
- H04.01 Funksjons- og arealprogram fra bestiller (1)
- H04.02 Arealprogram (1)
- H04.03 Plantegninger (2)
- H04.04 Fasader (1)
- H04.05 Snitt (1)
- H04.07 Møbleringsplaner
- H04.10 Sikring og lås (1)
- H04.11 Effektbehov EL (1)
- H04.12 Hovedfremføring EL (1)
- H04.13 Trafoplassering EL (1)
- H04.14 Hovedfremføring VVS (1)
- H04.15 Teknisk snitt korridor VVS EL (1)
- H04.16 Farge Materialkonsept
- H04.17 3d illustrasjoner (1)
- H04.18 Plan RIB (1)
- H04.19 Snitt RIB
- H05.01 Landskapsplan (2)
- H05.02 Terrengsnitt (1)
- H05.03.1 Takhage plan 2 (1)
- H05.03.2 Takhage plan 4 (1)
- H05.06 VA-plan (1)
- H05.07 Flomplan (1)
- H06.01 Plan for systematisk ferdigstilling (1)
- H07.01 SHA-Plan (1)
- H07.02 Risikoanalyse fra prosjekteringsgruppen (1)
- H08.01 Fremdriftsplan (1)
- H10.02.1 Miljøprogram

H10.02.2 Miljøoppfølgingsplan (MOP)
H10.03 Kontroll av energistandard (1)
H10.04 Klimagassberegninger (1)
H10.05 Energiforsyningsstudie
H11.01 Kostnadsskjema (3)
H11.02 LCC-beregninger (1)
H11.03 Usikkerhetsanalyse (1)
H11.04 Kuttliste
H12.05 10245799-01-OL-RAP-002 Kontraktstrategi Albertatunet 20240426
H12.06 Valg av utforming og sammenligning m2 pr beboer
Prosjektrapport programmering Albertatunet frå Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
051/24	Formannskapet	07.05.2024
066/24	Formannskapet	06.06.2024
082/24	Kommunestyret	13.06.2024

Innløysing av festeeigedomar - "Bjørkumeigedomane"

KOST- 082/24 Vedtak:

Kinn kommune går ikkje vidare med innløysing av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 07.05.2024

1. Formannskapet er positive til å gå vidare med innløysing av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2, slik det er gjort greie for i saksutgreiinga.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide finansiering av innløysing i fyrste tertialrapport for 2024.
3. Sal av eigedom skal vere ein del av denne finansieringa, saman med låneopptak.
4. Godkjenning av avtalar som ligg ved saka vert lagt fram til handsaming for kommunestyre saman med 1. tertialrapport 2024.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

Saka vert sendt til kommunestyret utan behandling i formannskapet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet er positive til å gå vidare med innløysing av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2, slik det er gjort greie for i saksutgreiinga.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide finansiering av innløysing i fyrste tertialrapport for 2024.
3. Sal av eigedom skal vere ein del av denne finansieringa, saman med låneopptak.
4. Godkjenning av avtalar som ligg ved saka vert lagt fram til handsaming for kommunestyre saman med 1. tertialrapport 2024

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune festar to areal på til saman ca 55 000 m² i Krokane-området frå familien Bjørkum. Mykje av areala er frambortfesta til bustad- næringstomter. Eigarane har no, i medhald av festekontraktene, kravd justering av festeavgifta.

Saksopplysningar:**1. INNLEIINGSVIS****1. TOMTEFESTEINSTITUTTET.**

Festeinstituttet går langt tilbake og hadde ein betydeleg framvekst etter andre verdskrig.

Å feste eller bygsle (leige) tomt har historisk sett vore eit alternativ til kjøp av tomt. Fester slepp å betale eit stort eingongsbeløp (kjøpesum) for å kunne etablere seg, men betalar i staden ein årleg leige (festeavgift/framfesteavgift) til grunneigar. Det har gitt festar/framfestar ein moglegheit for å etablere bustad eller næringsvirksomheit, samtidig som bortfestar får ein årleg inntekt som avkastning på sin eigedom.

Med festar meiner ein den parten som leiger/bygslar tomt frå grunneigaren (Bjørkum). Frambortfestar (kommunen) er den parten som videreleiger (frambortfestar) areal til ein framfestar (den som disponerer tomta).

Staten og kommunane brukte tomtefeste som eit verkemiddel for stadutvikling. For grunneigare kunne bortfeste av tomta vere eit alternativ til sal, ettersom dette gav moglegheita til ein jamn avkastning, utan at eigaren sjølv måtte gjere investeringar eller forvalte eigedomen.

For festetomter til bustad har festar på bestemte vilkår rett til å innløyse (kjøpe) tomta til ein pris bli utrekna slik tomtefestelova gir anvisning på. Det er ikkje innløysingsrett for festetomter til andre føremål enn bustad og fritidsbustad.

Utviklinga dei siste åra viser at mens det i 2002 blei antatt å eksistere opp mot 300 000 festeforhold i Norge, blei antallet i 2013 berekna til 170 000,-, jf. NOU 2013:11 kapittel 4.

Ei avvikling av tomtefesteinstituttet og forbod mot inngåelse av nye festeavtalar til bustad- og fritidsføremål har vore diskutert ein rekke gonger. Det har i diskusjonane blitt vist til tomtefeste sine lange tradisjonar, men der det no ikkje er same aktualiteten lenger.

I dag blir det i all hovudsak ikkje inngått nye kontrakter for feste av tomt til bustad.

2. FESTEFORHOLD I KINN KOMMUNE.

I Flora kommune gjekk kommunen i 1970-1980-åra inn som ein aktiv aktør for at folk flest skulle få moglegheit til å bygge seg hus. Det

føreligg mellom 40-45 festeforhold mellom kommune og private grunneigare, og om lag 170-175 framfestekontrakter der kommunen festar større areal for så å vidarefeste dei som enkelttomter.

Dei største bygslingsavtalane knyter seg til «Bjørkum» på Krokane og Krokane Vest i Florø. Her festar kommunen totalt 54 746,52 m² fordelt på 2 ulike bygslingsavtalar inngått i hhv 1973 og 1980. En vil nedanfor gå nærmare inn på desse.

13.«BJØRKUMEIGEDOMANE».

1. **BJØRKUMEIGEDOM NR 1.**
2. **BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.**

3. **BJØRKUMEIGEDOM NR 1.**

I 1973 blei det inngått ein bygslingsavtale mellom den gang Flora kommune og Jon Bjørkum. I samsvar med denne bygslingsavtalen skulle Flora kommune feste eit areal på om lag 27 810,22 m².



I bygslingsavtalen fekk kommunen løyve til å opparbeide vegar med vass- og kloakkleidningar m.m. og til å nytte området til offentleg eller privat byggeland, men ikkje til forretningsbygg. Flora kommune hadde vidare rett til å frambortfeste tomter av området etter nærmare reglar.

Kinn kommune frambortfestar i dag store delar av arealet til næringsaktørar som Circle K, Grønsberg Eigedom, Furutun burettslag og nokre private bustadeigarar. Elles så består området av kommunal barnehage, vegar og infrastruktur.

Når det gjeld oppjustering av festeavgift står det følgande i punkt 3 i

bygslingsavtalen:

«Partane kan kvart 10. år krevje festeavgifta regulert. Fastsettinga skal rette seg etter konsumprisindeksen med tinglysingsdatoen rekna som basistidspunkt lik 100. Vert ein ikkje einig på dette plan, kan partane kvart 10. år krevje skjøn som avgjer kv a den årlege festeavgifta skal vere Avgifta skal då fastsetjast i samsvar med dei prisane som er vanleg for tilsvarande grunnareal på staden (..)».

I tråd med bygslingsavtalen har festeavgifta vore oppjustert kvart 10ande år i tråd med konsumprisindeksen. Per i dag betalar Kinn kommune årleg kr. 177 026,- for heile arealet som vist på kart over.

Total inntening på frambortfeste (både næring og bustad) er kr. 295 319,-. Det vil sei at fram til no så har kommunen hatt ei fortенeste på kr. 106 053,- på framfesteforholda.

Det er varsla oppjustering av festeavgift, kr. 1 312 500,-. Grunneigarane aksepterer ikkje lenger ei auking etter konsumprisindeksen. Sjå elles punkt 3.1.

4. **BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.**

I 1980 blei det inngått en ny bygslingsavtale mellom Flora kommune og Jon Bjørkum. I tråd med denne avtalen fekk Flora kommune feste gbnr 24/78 og 79 i Flora. Eigedomen va på 26 936,3 m² og 298 løpemeter strandlinje.



I denne bygslingsavtalen blei kommunen gitt løyve til å opparbeide vegar med vass- og kloakkleidningar m.m. og å nytte området til offentleg eller privat byggeland.

Når det gjeld oppjustering av festeavgift står det følgande i punkt 3 i bygslingsavtalen:

«Partane kan kvart 10. år krevje festeavgifta regulert. Fastsettinga skal

rette seg etter konsumprisindeksen med tinglysingsdatoen rekna som basistidspunkt lik 100. Vert ein ikkje einig på dette plan, kan partane kvart 10. år krevje skjøn som avgjer kv a den årlege festeavgifta skal vere Avgifta skal då fastsetjast i samsvar med dei prisane som er vanleg for tilsvarande grunnareal på staden (..)».

Også for Bjørkumeigedom nr. 2 har festeavgifta vore oppjustert kvart 10 år i tråd med konsumprisindeksen.

Kinn kommune frambortfestar store delar av arealet til private bustadeigarar. Inntening på frambortfeste er på kr. 21 893,-, mens det blir betalt kr. 87 801,- i festeavgift til grunneigarane for dei opprinnelege festeeigedomane. Dette er allereie eit tapsprosjekt for kommunen.

14. VARSEL OM OPPJUSTERING AV FESTEAVGIFT.

1. VARSEL OM OPPJUSTERING FOR BJØRKUMEIGEDOM NR. 1.

2. VARSEL OM OPPJUSTERING FOR BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.

5. VARSEL OM OPPJUSTERING FOR BJØRKUMEIGEDOM NR. 1.

Den 19. september 2022 mottok Kinn kommune eit varsel om regulering av festeavgift for Bjørkumeigedom nr. 1 frå advokat Torstein Burkeland. Det blei varsla at reguleringa skulle skje «i samsvar med dei prisane som er vanleg for tilsvarande grunnareal på staden», jf. bygslingsavtalen punkt 3. Varselet ligg som bilag 1.

I forbindelse med fastsetting av prisane som er vanleg for tilsvarande areal, innhenta grunneigar ein takst utarbeidd av takstmann Bjarte Roska. Denne verdivurderinga konkluderte med ein råtomtepris på kr. 944,- pr. m². Dette gir ein samla verdi på kr. 26 250 000,- for festearealet på 27 810 m².

Det blei i varselet føreslått ei festerente på 5%.

Ny føreslått festeavgift blei på bakgrunn av dette berekna til kr. 1 312 500,- (tomteverdi kr. 26 250 000,- * festerente 5,0%). I dag betalar Kinn kommune kr. 177 026,- for det same arealet.

Kinn kommune varsla i sitt tilsvaer at en ville innhente eigen takst. Det blei utarbeida ein eigen takst av takstmann Jon-Åge Bjørnholt. Han konkluderte med ein råtomtepris på kr. 500,- pr. m². Dette gir ein samla verdi på arealet på kr. 13 905 000,-.

Dersom en hadde lagt til grunn festerente på 5% ville dette gi ein festeavgift på kr. 692 250,-.

Det har vore møte og forhandlingar mellom kommunen og grunneigarane.

6. VARSEL OM OPPJUSTERING FOR BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.

Den 29. februar 2024 mottok Kinn kommune varsel om oppjustering av festeavgift for Bjørkumeigedom nr. 2 frå advokat Torstein Burkeland. Det blei også her varsla at oppjusteringa skulle skje «i samsvar med dei prisane som er vanleg for tilsvarande grunnareal på staden», jf. bygslingsavtalen punkt 3.

I forbindelse med fastsetting av prisane som er vanleg for tilsvarande areal, innhenta grunneigar ein takst utarbeidd av takstmann Bjarte Roska. Denne verdivurderinga konkluderte med ein råtomtepris på kr. 872,- pr m². Det blei også her føreslått ei festerente på 5%. Dette vil gje ei ny festeavgift på kr. 1 234 000,-. I dag betalar Kinn kommune kr. 87 801,- for det same arealet.

Kommunen har valt å innhente ein alternativ takst frå takstmann Roger Oppedal. Denne taksten viser ein anslått råtomtepris på kr. 430,-. Dette gir ein samla verdi på området på kr. 11 582 609,- + strandlinje avrunda til kr. 1 200 000,-. Totalt kr. 12 782 609,-.

Dersom en her skulle lagt til grunn ei festerente på 5% ville dette gi ein festeavgift på kr. 639 130,-.

Vurderingar:

3. VEGEN VIDARE.

7. AKSEPTERE NY FESTEAVGIFT.

8. AVKLARE NY FESTEAVGIFT VED RETTSLEG SKJØNN.

Slik saka står no, er det hovudsakleg 3 alternativ for vegen vidare. Kommunen kan velje å akseptere ny festeavgift, få avklart ny festeavgift ved rettsleg skjønn eller innløyse festetomtene i sin heilheit.

Kommunedirektøren har vore i kontakt med partner og advokat Thomas Andersen i Brækhus Advokatfirma for å rådføre seg om dei ulike alternativa. Advokat Andersen har spisskompetanse innanfor tomtefeste.

En vil nedanfor gå igjennom dei ulike alternativa og korleis kommunedirektøren har vurdert alternativa etter samtalar med advokat Andersen.

7. AKSEPTERE NY FESTEAVGIFT.

Kinn kommune står fritt til å velje å akseptere ny føreslått festeavgift som varsla i brev av 19.02.22 for Bjørkumeigedom nr. 1 og 29.02.24 for Bjørkumeigedom nr. 2.

Den nye årlege festeavgifta vil då bli henholdsvis kr. 1 312 500,- for Bjørkumeigedom nr. 1 og kr. 1 234 000,- for Bjørkumeigedom nr. 2. Til saman kr. 2 546 500,- i ny festeavgift for begge eigedomane.

Dei nye festeavgiftene vil gjelde i 10 år og skal etter 10 år igjen justerast i tråd med konsumprisindeks eller, dersom partane ikkje blir einige på dette punkt, etter prisane på tilsvarande grunnareal på staden, jf. ordlyden i

bygslingsavtalane.

Etter 10 år har kommunen totalt betalt kr. 25 465 000,- i rein festeavgift for areala. Innteninga på framfesteavgifta vil vere på omtrentleg kr. 3 172 120,- i same 10-års periode (før oppjustering av framfesteavgift). Det vil sei eit gap på omtrentleg kr. 22 292 880,- mellom festeavgift og framfesteinntekt.

Kommunedirektøren vurderer ikkje dette til å vere eit godt alternativ på lang sikt. Gapet mellom det som blir betalt i festeavgift og det som kommunen kan krevje inn i framfesteavgift blir som en ser over, stort. Ved ny føreslått festeavgift vil det vere ei årleg underdekning for Bjørkumeigedom nr. 1 på kr. 1 017 181,- og på kr. 1 212 107,- for Bjørkumeigedom nr. 2:

	Bjørkumeigedom nr. 1	Bjørkumeigedom nr. 2
(Dagens festeavgift	Kr. 177 024,-	Kr. 87 801,-)
Ny festeavgift	Kr. 1 312 500,-	Kr. 1 234 000,-
Inntening framfeste	Kr. 295 319,-	Kr. 21 893,-
Differanse	Kr. 1 017 181,-	Kr. 1 212 107,-

Kinn kommune er ikkje i posisjon til å kunne oppjustere fremfesteavgifta for bustadfestetomtene i takt med den høge aukinga i festeavgifta. Dette då framfesterane til bustadtomtene nyter vern i tomtefestelova mot urimeleg høg festeavgift, jfr. tomtefestelova § 11. Kostnaden med aukinga i festeavgift for kommunen kan ikkje «skyvast over» på desse.

Når det gjeld tomteareal som er frambortfesta til næringsføremål og næringsaktørar, er det avtalt i fremfestekontraktene at ei justering av festeavgifta skal skje etter prinsippa i tomtefestelova § 15. Iht denne bestemmelsen skal festeavgifta indeksjusterast kvart 10 år. Kinn kommune kan ikkje krevje oppjustering av desse forholda etter meir enn konsumpris. Kostnaden med aukinga i festeavgift for kommunen kan heller ikkje «skyvast over» på desse.

Den største underdekninga og differansen mellom festeavgift og inntekt på framfeste må med andre ord Kinn kommune sjølv dekke inn då kommunen ikkje har moglegheit for å føreta ei større oppjustering av framfesteavgiftene, verken for bustadtomtene som er verna via tomtefestelova mot urimeleg høg festeavgift, eller næringstomtene der kommunen har avtalt oppjustering etter konsumprisindeks.

8. AVKLARE NY FESTEAVGIFT VED RETTSLEG SKJØNN.

Det er i bygslingsavtalane einigheit om at dersom ein ikkje vert einige om ny festeavgift, kan begge partar krevje skjønn som avgjer kva den årlege festeavgifta skal vere. Kostnadar ved skjønet skal delast likt mellom partane.

Etter forhandlingar og møter mellom kommunedirektør og grunneigarane om ny festeavgift står partane langt ifrå kvarandre. Det er hovudsakleg 3

moment som en er uenige om:

- Tomtepris pr. m² (kr. 944,- pr. m² / kr. 500,- pr m² og kr. 872,- pr. m²/kr. 430,-).
- Festerente (3-4% / 5-6%)
- Fråtrekk opparbeiding av infrastruktur.

Det er en prosessrisiko for begge parter å ta saken inn for rettsleg handsaming.

Når det gjeld verdifastsetting på råtomteareal er det stor differanse i takstmennenes skjønn. For Bjørkumeigedom nr 1 har grunneigaranes takstmann Bjarte Roska vurdert arealet til kr. 944,- pr. m², mens kommunen sin takstmann Jon-Aage Bjørnholt har landa på ein råtomtepris på kr. 500,- pr. m². For Bjørkumeigedom nr. 2 har grunneigaranes takstmann landa på ein m² på kr. 872,-, mens kommunens takstmann har vurdert arealet til kr. 430,- pr. m². Begge har hatt same utgangspunkt for sine vurderingar, her verdsetjing av arealet utifrå kva som er pårekneleg bruk, jf. Rt. 2008 s. 1628.

Takstmennene synes å vere noko uenige om korleis ein skal nytte samanlikningsmetoden for å finne prisane som er vanleg for tilsvarande areal i området. I takstmann Bjørnholt si samanlikning er det og tatt med areal som er avsett til andre føremål enn bustadføremål eller areal som ikkje kan seljast som bustadtomter. Takstmann Roska har ikkje nytta samanlikningsmetoden, men i advokaten sine merknadar til samanlikningsmetoden har dei trekt ut tomtene som ikkje er reine bustadtomter. Då kjem en til omtrentleg kr. 944,-i m²-pris. Det er også noko ueinigheit rundt kva en kan legge til grunn som salbart areal.

For det andre er det ueinigheit rundt kva som vil vere riktig festerente. Det er ofte råtomteverdien som får mest fokus og skapar mest strid i tvistar om festeavgiftsregulering, men det er eigentleg festerenta som er den mest «følsame» faktor av dei to faktorane og som gir store umiddelbare utslag når det gjeld festeavgiftas størrelse. Festerenta skal representere ei rimeleg avkastning av tomteverdien. Den sentrale rettsavgjørelse i så måte er Høyesteretts dom fra 2001 (Rt. 2001 s. 149) kor det heiter at *«Bortfester skal sikres det som ville vær en normal rimelig avkastning av de verdier festearealet representerer, dersom arealet var blitt solgt og pengene plassert på annen måte»*.

Advokat Thomas Andersen som kommunen har rådført seg med, er av den oppfatning av ei festerente i størrelsesorden 2-4% er riktig og at det vil vere grunnleggande galt om festeavgifta skal innebere både full auking av dei underliggande eiendomsverdiene og festerente som er vesentleg høgare enn samanliknbare investeringsalternativ med same risiko. Grunneigarane sin advokat hevdar på sin side at det må være tvillaust at domstolane vil lande på ei festerente på 5-6% gitt markedet i dag.

Festerente har stor betydning for kva den nye festeavgifta vil bli.

For det tredje er det noko ueinigheit om fratrekk for infrastrukturkostnader, men desse har mindre betydning for utslag i festeavgift.

Når det gjeld Bjørkumeigedom nr 2 så er advokat Andersen av den oppfatning at kommunen her har større grunn for å kunne hevde at føreslått festeavgift er urimeleg, jf. prinsippa i tomtefestelova § 11 og for så vidt avtalelova § 36. Dette hovudsakleg fordi kommunen her har mindre moglegheit for å kunne auke framfesteavgiftene til framfesterane då desse festar til bustadføre mål og har et vern mot urimeleg høg festeavgift, jf. tomtefestelova § 11.

Kommunedirektøren har etter ei heilheitleg vurdering landa på at prosessrisikoen ved å ta sakene inn for retten er stor og er av den oppfatning at dette ikkje vil vere ei god løysing på sikt. Sjølv om kommunen skulle få medhald i retten enten i form av lågare råtomteverdi eller festerente, så vil gapet mellom festeavgift og inntening i framfesteavgift fortsatt vere stort og det vil framleis vere ei underdekning som kommunen sjølv må bere.

9. INNLØYSING AV FESTETOMTENE.

Eit tredje alternativ som er drøfta med grunneigarane er ei eventuell innløyasing av festetomtene.

Det må her innleiingsvis nemnast at kommunen sin posisjon som framportfester ikkje nyter nokon vern iht tomtefestelova. Kommunen har såleis ingen vern på linje med det særskilte vernet som forbrukarane er gitt etter tomtefestelova. I realiteten er bygslingsavtalane mellom kommunen og grunneigarane regulert etter normale, obligasjonsrettslege prinsipp. Kommunen har såleis ingen innløyasingssrett for bygslingstomtene slik framportfester har.

Ei innløyasingssrett må i tilfelle følgje av bygslingsavtalen for kommunen sin posisjon, det gjer det ikkje. Grunneigarane er likevel no opne for at kommunen kan få innløyse areala. At grunneigarane no likevel vurderer innløyasing som eit alternativ, gjer at dette er noko kommunen sterkt bør vurdere. Ei innløyasing vil skje på grunneigarane sine premisser og det vil sei at kommunen er avhengig av at grunneigarane er villige til å forhandle om ei innløyasing. Dersom grunneigarane på eit tidspunkt ikkje er fornøgd med forhandlingsutfallet, kan dei velje å avslå innløyasing.

Fordelane med å innløyse arealet synes å vere større enn fordelane med å fortsette festeforholdet. Det er i utgangspunktet dette alternativet administrasjonen vil tilrå og det er utarbeidd eit avtaleutkast med forbehold om politisk godkjenning.

15.FORDELAR MED INNLØYSING AV FESTETOMTENE.

- 1. EIGARSKAP TIL TOMTENE.**
- 2. INNLØYSING AV FREMFESTEFORHOLD.**
 - 1. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 1.**
 - 2. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.**
- 3. FORNUFTIG INVESTERING I EIT LANGTIDSPERSPEKTIV.**
- 4. OPPSUMMERING.**

10. EIGARSKAP TIL TOMTENE.

For det første vil Kinn kommune bli eigar av heimelsretten til eigedomane.

Store delar av Bjørkumeigedom nr. 1 består av offentlege bygg, kommunale vegar og kommunal infrastruktur. Bjørkumeigedom nr 2 består også av kommunale vegar og kommunal infrastruktur. Kommunedirektøren vurderer det som en klar fordel å eige grunnen.

Sjølv om kommunen får heimel til eigedomsretten vil festeforholdet mellom kommunen og frambortfesterane kva gjeld feste av næringsareal og bustadareal framleis bestå. Kommunedirektøren kan imidlertid gå i direkte dialog med frambortfestere om ei eventuell innløyising av festeareala der grunneigarane får tilbod om å kjøpe ut tomtene. Sjå punktet under.

11. INNLØYSING AV FREMFESTEFORHOLD.

5. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 1.

6. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.

Ei potensiell innløyising av fremfesteforholda fordrar at framfestarane ynskjer dette.

Frambortfestarane kan velje å fortsette festeforholdet i tråd med inngått festekontrakter med auking av festeavgift kvart 10 år, eller å få innløyst tomta.

Forholdet mellom Kinn kommune og framfestarane vil vere regulert av tomtefestelova for dei tomtene som er avsett til bustadføremål. Tomtefestelova set derfor skrankar for innløyisingssummen som skal vere 25*festeavgift eller 40% av marknadsverdi på tomta, jf. tomtefestelova § 37 om innløyisingvilkår. Valet av innløyisingssum avhenger av om festekontrakta er tidsbestemt eller tidsubestemt.

1. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 1.

Potensiell inntening ved innløyising av framfestekontraktene knytt til Bjørkumeigedom nr. 1 vil kunne vere i storleik: 0 – 13 000 000,- kr. Innteninga er som nemnt avhengig av kven av framfestarane som ynskjer ei innløyising.

Bjørkumeigedom nr. 1 består av mykje næringsareal. Festeforhold som gjeld næringsareal er ikkje regulert i tomtefestelova og det er i utgangspunktet derfor ikkje nokon rettslege skrankar for innløyisingssum slik det er for bustad- og fritidstomter. I framfestekontraktene er det imidlertid lagt til grunn at ei innløyising skal skje etter reglane i tomtefestelova.

For bustadtomter vil det som nemnt innleiingsvis under punkt 4.3 vere rettslege skrankar for innløyisingssummen, jf. tomtefestelova § 37. Her skal innløyisingssummen anten settast til 25*festeavgift eller 40% av marknadsverdi.

2. POTENSIELL INNTENING – BJØRKUMEIGEDOM NR. 2.

Potensiell inntening ved innløyising av framfestekontrakt knytt til Bjørkumeigedom nr. 2 vil kunne vere storleik: 0 – 5 000 000,- kr. Innteninga er også her naturlegvis avhengig av kven av framfesterane som ynskjer ei innløyising.

Bjørkumeigedom nr. 2 består hovudsakleg av bustadareal. Festerane vil som nemnt tidlegare derfor ha eit vern i tomtefestelova med tanke på innløyisingssum. Innløyisingssummen skal settast til anten 25 * festeavgift eller 40% av marknadsverdi på tomta, jf. tomtefestelova § 37.

For bustadtomter vil det som nemnt innleiingsvis under punkt 4.3 vere rettslege skrankar for innløyisingssummen, jf. tomtefestelova § 37. Her skal innløyisingssummen anten settast til 25*festeavgift eller 40% av marknadsverdi. Nokre av desse festeavgiftane skal justerast til neste år, noko som potensielt gir ei høgare inntening enn den som er lagt til grunn.

12. FORNUFTIG INVESTERING I EIT LANGTIDSPERSPEKTIV.

I eit langtidsperspektiv vil kommunen vere tent med innløyising av tomtene.

Kjøp av Bjørkumeigedom nr. 1 til kr. 33 400 000,- tilsvarar 25 år med betaling av ny oppjustert festeavgift. I same tidsperiode vil kommunen si inntening på framfeste vere på omtrent 7 382 975,-. Desse tala tek ikkje høgde for rentekostnadar ved låneopptak eller oppjustert festeavgift etter 10 år, men poenget er her at kommunen vil ha ein rein utgiftspost i desse åra dersom man skal fortsette å betale festeavgift.

Kjøp av Bjørkumeigedom nr 2 til kr. 30 850 000,- tilsvarar også 25 år med betaling av ny oppjustert festeavgift. I same tidsperiode vil kommunen si inntening på framfeste vere på omtrent kr. 547 325,-. Desse tala tek ikkje høgde for rentekostnadar ved låneopptak eller oppjustert festeavgift etter 10, men igjen vil dette vere ein rein utgiftspost og eit tapsprosjekt for kommunen dersom festeforholdet fortset.

Ved eit låneopptak for utkjøp av Bjørkumeigedom nr. 1 vil reknestykket bli sjåande slik ut:


Eksempel 1: Utkjøp festet tomtegrunn: kr 33.400.000

Over 100 år er:

Festeavgift 100 år à kr 1.300.00: kr 130.000.000

Sum rente og avdrag for å erverve grunn: kr 71.700.000

Snitt rente og avdrag fordelt over 100 år gir årlig: kr 717.000




Eksempel 2: Utkjøp festet tomtegrunn hensyntatt videresalg: kr 25.000.000

Over 100 år er:

Netto Festeavgift 100 år à kr 1.000.000: kr 100.000.000

Sum rente og avdrag for å erverve grunn: kr 53.700.000

Snitt rente og avdrag fordelt over 100 år gir årlig: kr 537.000



Ved eit låneopptak for utkjøp av Bjørkumeigedom nr. 2 vil reknestykket bli sjåande slik ut:


Eksempel 1: Utkjøp festet tomtegrunn: kr 30.850.000

Over 100 år er:

Festeavgift 100 år à kr 1.234.00: kr 123.400.000

Sum rente og avdrag for å erverve grunn: kr 66.250.000

Snitt rente og avdrag fordelt over 100 år gir årlig: kr 662.500




Eksempel 2: Utkjøp festet tomtegrunn hensyntatt videresalg: kr 28.000.000

Over 100 år er:

Netto Festeavgift 100 år à kr 1.134.000: kr 113.400.000

Sum rente og avdrag for å erverve grunn: kr 60.130.000

Snitt rente og avdrag fordelt over 100 år gir årlig: kr 601.300



Nedbetalingstida kan potensielt bli lågare men dette avhenger av kor mange framfestetomter som let seg innløyse. I eksempel nr 2 er det tatt høgde for at kommunedirektøren har fått innløyst festetomter.

13. OPPSUMMERING.

Som en ser over vil kommunedirektøren råde kommunestyret til å gå for alternativet om ei innløyning av festeareala. Grunneigarane er no opne for ei innløyning og det er ikkje gitt at dei på eit seinare tidspunkt vil vere det. Her har som nemnt kommunen ikkje nokon rett til innløyning då kommunen ikkje nyter

vern via tomtefestelova i ein mellomposisjon som frambortfestar.

Kommunen vil ved ei innløyasing bli heimelshavar til eigedomane noko som er ein klar fordel med tanke på at tomteareala består av off. bygg, kommunal veg og infrastruktur. Videre så vil kommunen kunne gå i direkte dialog med framfesterane om ei innløyasing. På denne måten vil kommunen kunne få dekkja inn igjen noko av innløyasingssummen som eigedomane no skal kjøpast for, ref. punkt 5.2. I eit langtidsperspektiv er dette alternativet til det beste for kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Ved innløyasing av festetomtene vil Kinn kommune måtte finansiere eit kjøp på om lag kr. 64 250 000. Ved å kjøpe desse eigedommane, kan det vere eit potensiale for å selje vidare tomtar/eigedommar kommunen framfestar i dag. Det er umogleg å talfeste omfanget av slike sal, før det er gjennomført dialog med aktuelle festarar. I samband med framlegging av 1. tertialrapport vil det bli gjort ei vurdering av ei realistisk økonomisk ramme for slike sal.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Alternativt framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune går ikkje vidare med innløyasing av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2

Røysting:

Innstilling frå formannskapet 07.05.2024 falt med 0 røyster.
Framlegg frå FrP vedteke mot 15 røyster frå KrF, SV, AP og Venstre.

KOST- 082/24 Vedtak:

Kinn kommune går ikkje vidare med innløyasing av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Saka vert sendt vidare til kommunestyret, jf. vedtak i sak 056/24.

FORM- 066/24 Vedtak:

Saka vert sendt til kommunestyret utan behandling i formannskapet.

Behandling i Formannskapet 07.05.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 051/24 Vedtak:

1. Formannskapet er positive til å gå vidare med innløyising av festetomtene, omtalt som Bjørkumeigedom nr 1 og Bjørkumeigedom nr. 2, slik det er gjort greie for i saksutgreiinga.
2. Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide finansiering av innløyising i fyrste tertialrapport for 2024.
3. Sal av eigedom skal vere ein del av denne finansieringa, saman med låneopptak.
4. Godkjenning av avtalar som ligg ved saka vert lagt fram til handsaming for kommunestyre saman med 1. tertialrapport 2024.

Vedlegg i saken:

Bygslingsavtale Bjørkumeigedom nr. 1
Varsel om oppregulering av festeavgift - Bjørkumeigedom nr. 1
Varsel om oppregulering av festeavgift - Bjørkumeigedom nr. 2
Verdivurdering Bjørkumeigedom nr. 1 - grunneigars takst
Verdivurdering Bjørkumeigedom nr. 1 - kommunens takst
Verdivurdering Bjørkumeigedom nr. 2 - grunneigars takst
Avtale om innløyising Bjørkumeigedom nr 2 - politisk atterhald
Avtale om innløyising Bjørkumeigedom nr 1 - politisk atterhald
Tillegg til bygslingsavtale - Bjørkumeigedom nr 1 - politisk atterhald
Tillegg til bygslingsavtale - Bjørkumeigedom nr 2 - politisk atterhald
Bygslingsavtale Bjørkumeigedom nr. 2
Verdivurdering Bjørkumeigedom nr. 2 - kommunens takst
Notat utkjøp festa eigedomar



Saksnr.	Utval	Møtedato
027/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.06.2024
023/24	Kinn eldreråd	04.06.2024
039/24	Plan- og miljøutvalet	05.06.2024
025/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	05.06.2024
042/24	Oppvekst- og kulturutvalet	05.06.2024
067/24	Formannskapet	06.06.2024
083/24	Kommunestyret	13.06.2024

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-36 - utkast til offentlig ettersyn

KOST- 083/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentlig ettersyn frå 1. august til 30. september, med følgjande endringar:

* Endring punkt 5: til saman bygger vi levande distrikt, og levande, urbane byar.

* Før planen vert sendt på høyring, vert det gjort følgjande endringar:

Nytt kulepunkt under «Slik vil vi ha det i 2032 – 2042»:

- Kinn kommune er ein kommune med vekst i folketalet.

Endring av plakat «Saman har vi handlekraft på kysten»

Følgjande setning vert lagt inn som første setning under «Attraktiv kommune»:

Vi har ein kommune i vekst, som er attraktiv for tilflytting og næringsetableringar.

Følgjande tekst:

I planen er det tilrådd å gjennomføre alternativ M1 med slik framdrift:

- Nedlegging av Stavang skule (frå og med haust 2025)
- Overføring av elevane ved Raudeberg skule til nye Skram skule (frå og med haust 2026)
- Overføring av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskule (frå og med haust 2029)

Vert endra til:

Kommunestyret vil ta stilling til dei ulike alternativa etter høyringsrunden av kommuneplanens samfunnsdel.

Teksten i link på følgjande punkt under «2.7.1 Viktige oppdrag» vert fjerna:

Vi skal vedta ein skulestrukturplan som sikrar ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.

Teksten som vert fjerna er:

Kommunestyret legg fylgjande føringar i økonomiplan for endringar i skulestruktur i Kinn

kommune:

Stavang skule vert lagt ned frå skuleåret 2025/2026. Elevane vert overført til Florø barneskole/ Eikefjord barne- og ungdomsskule
Raudeberg skule vert lagt ned frå skuleåret 2026/2027. Elevane vert overført til nye Skram skule
Krokane skule vert lagt ned frå skuleåret 2029/2030. Elevane vert overført til Florø barneskole og Torvmyrane skule

* Endring i punkt 2.5.

Sikre likeverdige og ressurseffektive tenester

Legge til setning: "og jobbe systematisk med medverknad."

Inkluderande arbeidsliv

Ønsker å legge til punkt: "Skape tidleg tilknytning til arbeidslivet blant ungdommar."

Endring i punkt 2.3.4 Kinn Psykisk helse og Rus

Omstilling i Kinn psykisk helse og rus vil innrette seg etter nasjonale rettleiarar, med fokus på psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne i kommunen. Samt ny rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge der kommunen må ivareta dei som har lettare psykiske helseplager ønsker å tilføre: "og begynnande rusproblematikk".

* Kap 1. 1.2

Vi tek ansvar for naturen gjennom arelanøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 04.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september.
Endring av setning knytt til "levande og urbane byar". "Endrast til levande distrikt og urbane byar".

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september.
2. Endring av setning: "Saman bygger vi levande distrikt, og urbane byar".

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september.

Punkt 5: «saman bygger vi levande distrikt og levande og urbane byar».

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak KOST-056/23 den 25.05.2023 [Planstrategi og planprogram for revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen i Kinn](#).

Planprogrammet er lagt til grunn for arbeidet med ny samfunnsdel.

Planutkastet vart første gang fremja for offentleg ettersyn i november 2023 – f.sak 133/23

Handsaming av kommuneplanens samfunnsdel og planstrategi vert utsett.

Før ny handsaming skal følgande innarbeidast som viktige føringar i planen:

Planen skal ha som eit av sine hovudmål, samt synleggjere tiltak for å auke folketallet i kommunen i åra framover. Planen skal synleggjere kva tiltak som må gjerast for å auke tal arbeidsplassar, samt bidra til auka bustadattraktivitet og rekruttering til kommunen og næringslivet. Planen skal legge til grunn at det skal utarbeidast ein nærings- og vekststrategi for Kinn kommune. Næringsselskapa Aksello, Flora Industri- og næringsforening og Måløy Vekst, samt Byen vår Florø og Måløy Byforening vert bedt om innspel til tematikk, innhald og prosess for utarbeiding av strategien. Planen skal ta omsyn til vedtekne føringar i handsaminga av økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027.

Resultatet av arbeidet er innarbeidd i planen og som eige vedlegg.

Saksopplysningar:

Gjennom kommuneplanane til Kinn (samfunnsdel og arealdel) har Kinn kommune bygd og synleggjort store utviklingsmoglegheiter. Arealdelen gir retning for næringsvekst og viser utviklingsrom for bustader, fritid og næring i sentrum og distrikta. For næringslivet er omstilling også viktig. Planane tek omsyn til miljø og har tiltak for å fremje ei berekraftig utvikling, samstundes som vi legg til rette for å sikre arbeidsplassar og auka lokal verdiskaping. Samfunnsdelen viser utviklingspolitikk som tek omsyn til dei demografiske utfordringane med fleire eldre og korleis tenester kan ytast framover innanfor ei økonomisk berekraftig styring. Sjølv om vi ikkje kan forutsjå folketalsutviklinga frå år til år, og den vil trulege variere, slik vi som kystsamfunn er vande med, har vi med desse planskapte verdiar vist vårt vekst- og utviklingspotensiale.

Næringsorganisasjonane har aktivt delteke i arbeidet med utvikling av planen slik handsaming


Vurderingar:

Utkastet til ny samfunnsdel og planstrategi er utarbeidd av fleire team og i samskaping med politisk nivå, innbyggjarane og tilsette og leiarar i Kinn kommune. Sjå eige kapittel i planen.

I høyringsperioden frå 1. august til 1. Oktober vi drøfte innhaldet gjennom ulike medverknadsprosessar som m.a.

- Innbyggjarundersøking
- Samling med fysisk innbyggjarpanel
- Innbyggjarundersøking
- Nettartikklar og nettbaserte tilbakemeldingar (nettsida, sosiale mediar m.v.)
- Andre møter og samlingar etter nærmare plan.

Vurderingar:



Vi har ein visjon: **Saman har vi handlekraft på kysten.** Kinn skal vere ein attraktiv kommune i omstilling.

Kommuneplanen kort oppsummert:

Kinn er ein attraktiv kommune som omstiller seg og gir likeverdige tenester. Omstillingsbehovet gjeld tenesteproduksjonen vår, eit næringsliv tilpassa nye tider, redusert forbruk og utslepp av klimagassar samt kulturforståing for endringar.

Kommuneorganisasjonen omstiller seg til fleire eldre og færre barn og unge. Dette er ein grunnleggande premiss for mål og tiltak i planen.

Planen har 8 hovudmål som vi skal jobbe etter:

Satsingsområde	Hovudmål	
Attraktiv kommune	Vi reduserer risiko og sårbarheit gjennom førebyggjande arbeid, styrka beredskap og betre evne til krisehandtering.	
	Det er gode infrastrukturløysingar	
	Vi har engasjerte, ansvarlege og sjølvstendige innbyggjarar som tek ansvar for eiga helse, alderdom og bustad.	
	Saman bygger vi levande og urbane byar.	
	Vi har ein velfungerande lokal bustadmarknad, med nok bustader som har ulik utforming, storleik og eigarform.	
	Omstilling	Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserer og sikrar lokal verdiskaping og utvikling.
		Vi har ein berekraftig arealstrategi.
		Vi har likeverdige og ressurseffektive tenester.

Til desse hovudmåla er det knytt 34 delmål. Det økonomiske omstillingsbehovet er skildra både i økonomikapittelet og i økonomiplantiltakstabellen. Dei største og viktigaste investeringane knytt til omstillinga er vist i eigen tabell. Dei 19 oppdraga som ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel er konkretisering av omstillingstiltaka som vi skal gjennomføre for å nå målet om å verte ein attraktiv kommune som omstiller seg. Oppdraga er overordna, og må operasjonaliserast til handlingar. Dette vil vere handlingar som vert gjort på overordna samfunnsnivå, men oppdraga må og iverksetjast og konkretiserast i tenestene sine årlege verksemdplanar som vert følgt opp gjennom rapportering. Oppdraga skal gjennomførast innanfor driftsrammene til dei ulike tenestene.

I planen er det gjort vurderingar av tenestestruktur for grunnskulen og høyringsdokumentet. Det vil bli utarbeidd eige høyringsnotat for endringar i grunnskulestruktur. Som vedlegg fylgjer også tildelingskriterier for helse- og velferd.

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å sende [Utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel - dokument til offentleg ettersyn 2. utgave](#) på høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14.

Økonomiske konsekvensar:

Går fram av vedlegg

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

plan- og bygningslova

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Endring pkt 5, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti

Endring til saman bygger vi levande distrikt, og levande, urbane byar

Framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Før planen vert sendt på høyring, vert det gjort følgjande endringar:

Nytt kulepunkt under «Slik vil vi ha det i 2032 – 2042»:

- Kinn kommune er ein kommune med vekst i folketallet.

Endring av plakat «Saman har vi handlekraft på kysten»

Følgande setning vert lagt inn som første setning under «Attraktiv kommune»:

Vi har ein kommune i vekst, som er attraktiv for tilflytting og næringsetableringar.

Følgande tekst:

I planen er det tilrådd å gjennomføre alternativ M1 med slik framdrift:

- Nedlegging av Stavang skule (frå og med haust 2025)
- Overføring av elevane ved Raudeberg skule til nye Skram skule (frå og med haust 2026)
- Overføring av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskole (frå og med haust 2029)

Vert endra til:

Kommunestyret vil ta stilling til dei ulike alternativa etter høyringsrunden av kommuneplanens samfunnsdel.

Teksten i link på følgande punkt under «2.7.1 Viktige oppdrag» vert fjerna:

Vi skal vedta ein skulestrukturplan som sikrar ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.

Teksten som vert fjerna er:

Kommunestyret legg fylgjande føringar i økonomiplan for endringar i skulestruktur i Kinn kommune:

Stavang skule vert lagt ned frå skuleåret 2025/2026. Elevane vert overført til Florø barneskole/ Eikefjord barne- og ungdomsskule

Raudeberg skule vert lagt ned frå skuleåret 2026/2027. Elevane vert overført til nye Skram skule

Krokane skule vert lagt ned frå skuleåret 2029/2030. Elevane vert overført til Florø barneskole og Torvmyrane skule

Endring i samfunnsdel, foreslått av Siri Sunde, Kinn Høyre

Endring i punkt 2.5.

Sikre likeverdige og ressurseffektive tenester

Legge til setning: "og jobbe systematisk med medverknad."

Inkluderande arbeidsliv

Ønsker å legge til punkt: "Skape tidleg tilknytning til arbeidslivet blant ungdommar."

Endring i punkt 2.3.4 Kinn Psykisk helse og Rus

Omstilling i Kinn psykisk helse og rus vil innrette seg etter nasjonale rettleiarar, med fokus på psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne i kommunen. Samt ny rettleiar for psykisk helsearbeid for barn og unge der kommunen må ivareta dei som har lettare psykiske helseplager ønsker å tilføre: "og begynnande rusproblematikk"

Høyre, endringsforslag, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

Kap 1. 1.2

Vi tek ansvar for naturen gjennom arealanøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

Røysting:

Framlegg frå SP samrøystes vedteke.
Framlegg frå FrP samrøystes vedteke.
Framlegg frå Høgre v/repr. Sunde samrøystes vedteke.
Framlegg frå Høgre v/repr. Vågene vedteke mot 9 røyster frå Raudt, SV og Venstre.
Innstilling frå formannskapet med endringane som foreslått, samrøystes vedteke.

KOST- 083/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september, med følgjande endringar:

* Endring punkt 5: til saman bygger vi levande distrikt, og levande, urbane byar.

* Før planen vert sendt på høyring, vert det gjort følgjande endringar:

Nytt kulepunkt under «Slik vil vi ha det i 2032 – 2042»:

- Kinn kommune er ein kommune med vekst i folketalet.

Endring av plakat «Saman har vi handlekraft på kysten»

Følgjande setning vert lagt inn som første setning under «Attraktiv kommune»:

Vi har ein kommune i vekst, som er attraktiv for tilflytting og næringsetablering.

Følgjande tekst:

I planen er det tilrådd å gjennomføre alternativ M1 med slik framdrift:

- Nedlegging av Stavang skule (frå og med haust 2025)
- Overføring av elevane ved Raudeberg skule til nye Skram skule (frå og med haust 2026)
- Overføring av elevane ved Krokane skule til Torvmyrane skule og Florø barneskule (frå og med haust 2029)

Vert endra til:

Kommunestyret vil ta stilling til dei ulike alternativa etter høyringsrunden av kommuneplanens samfunnsdel.

Teksten i link på følgjande punkt under «2.7.1 Viktige oppdrag» vert fjerna:

Vi skal vedta ein skulestrukturplan som sikrar ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift.

Teksten som vert fjerna er:

Kommunestyret legg fylgjande føringar i økonomiplan for endringar i skulestruktur i Kinn kommune:

Stavang skule vert lagt ned frå skuleåret 2025/2026. Elevane vert overført til Florø barneskule/ Eikefjord barne- og ungdomsskule

Raudeberg skule vert lagt ned frå skuleåret 2026/2027. Elevane vert overført til nye Skram skule

Krokane skule vert lagt ned frå skuleåret 2029/2030. Elevane vert overført til Florø barneskule og Torvmyrane skule

* Endring i punkt 2.5.

Sikre likeverdige og ressurseffektive tenester

Legge til setning: "og jobbe systematisk med medverknad."

Inkluderande arbeidsliv

Ønsker å legge til punkt: "Skape tidleg tilknytning til arbeidslivet blant ungdommar."

Endring i punkt 2.3.4 Kinn Psykisk helse og Rus

Omstilling i Kinn psykisk helse og rus vil innrette seg etter nasjonale rettleiarar, med fokus på psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne i kommunen. Samt ny rettleiar for

psykisk helsearbeid for barn og unge der kommunen må ivareta dei som har lettare psykiske helseplager ønsker å tilføre: "og begynnande rusproblematikk".

* Kap 1. 1.2

Vi tek ansvar for naturen gjennom arealanøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 067/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentlig ettersyn frå 1. august til 30. september.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 05.06.2024:

039/24, foreslått av Trine Merete Hovland, Kinn Høyre

Endring av setning knytt til "levande og urbane byar". "Endrast til levande distrikt og urbane byar".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samt tilleggsforslag frå repr. Hovland(H) samrøystes vedteke.

PMUV- 039/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentlig ettersyn frå 1. august til 30. september.
Endring av setning knytt til "levande og urbane byar". "Endrast til levande distrikt og urbane byar".

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 05.06.2024:

Endring av setning "levande og urbane byar", foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn

Senterparti

Saman bygger vi levande distrikt, og urbane byar.

Røysting:

Tilleggsforslaget frå Elisabeth Halsne (Sp) samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

OPKUV- 042/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentlig ettersyn frå 1. august til 30. september.
2. Endring av setning: "Saman bygger vi levande distrikt, og urbane byar".

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 05.06.2024:

8 hovudmål - endre punkt 5, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti
Planen har 8 hovedmål - endre punkt 5 frå «Saman bygger vi levande urbane byer» til «saman bygger vi levande distrikt og levande og urbane byar».

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding og endringsforslag frå helse-, sosial og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

HSOUV- 025/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september.
Punkt 5: «saman bygger vi levande distrikt og levande og urbane byar».

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.06.2024:

Røysting:

Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 027/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september


Behandling i Kinn eldreråd 04.06.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KIEL- 023/24 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova §10-1 og § 11-14, å leggje utkast til Planstrategi for Kinn 2024-2027 og Samfunnsdelen til Kinn 2024-2036 ut til offentleg ettersyn frå 1. august til 30. september



Saksnr.	Utval	Møtedato
072/24	Kommunestyret	23.05.2024
084/24	Kommunestyret	13.06.2024

Søknad om fritak frå politiske verv / suppleringsval - Bente Nilsen

KOST- 084/24 Vedtak:

1. Bente Nilsen får fritak frå politiske verv i Kinn kommune frå 01.08.2024 grunna flytting frå kommunen.

2. Nytt medlem nr. 2 frå SV i kommunestyret, er Siri Solbakken (tidlegare 1. vara) som skjer ved opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet 2023.

Korrigert varamedlemsliste for SV i kommunestyret vert slik etter opprykk frå valoppgjeret ved kommunestyrevalet 2023:

1. Ingunn Frøyen
2. Heidi Rønhovde
3. Grethe Stavø
4. Anette Stene Seljen
5. Gitta Sas

3. Nytt 2. varamedlem i formannskapet og finansutvalet: Siri Solbakken

4. Nytt medlem i helse- sosial og omsorgsutvalet: Gitta Sas

5. Nytt 4. varamedlem i Florø Hamn KF: Siri Solbakken

Vedtak som innstilling frå Kommunestyret - 23.05.2024

Sak utsatt til kommunestyremøtet i juni.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bente Nilsen får fritak frå politiske verv i Kinn kommune frå 01.08.2024 grunna flytting frå kommunen.

2. Nytt medlem nr. 2 frå SV i kommunestyret, er Siri Solbakken (tidlegare 1. vara) som skjer ved opprykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet 2023.

3. Korrigert varamedlemsliste for SV i kommunestyret vert slik etter opprykk frå valoppgjeret ved kommunestyrevalet 2023:

1. Ingunn Frøyen
2. Heidi Rønhovde
3. Grethe Stavø

4. Anette Stene Seljen
5. Gitta Sas

3. Nytt 2. varamedlem i Formannskapet og Finansutvalet vert _____

4. Nytt medlem i helse-, sosial- og omsorgsutvalet vert _____

5. Nytt 4. varamedlem i Florø Hamn KF vert _____

Bakgrunn for saka:

Representanten Bente Nilsen (SV) har søkt om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune frå 01.08.2024, då ho skal flytte frå kommunen.

Saksopplysningar:

Bente Nilsen har i dag følgjande verv i Kinn kommune:

Kommunestyret	Medlem (2)
Formannskapet	2. varamedlem
Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	Medlem
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Leiar
Finansutvalet	2. varamedlem
Styret i Flora hamn KF	4. varamedlem

I kommunelova § 7-9, 1. avsnitt står følgjande:

§ 7-9.Uttreden og fritak

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

I kommunelova § 7-10,

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.

Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg

trer endelig ut, og de er valgt ved forholdvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.

Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer.

Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter femte ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Ved nyvalg etter tredje ledd til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.

Vurderingar:

Representanten Nilsen flyttar frå kommunen og er difor ikkje lenger valbar, fritak vert innvilga frå og med 01.08.2024.

- Opprykk i kommunestyret med hensyn til nytt fast medlem og varamedlem skjer i henhold til valoppgjeret frå kommunestyretvalet hausten 2023, jf. kommunelova § 7-10, 2. ledd.
- Val av nytt 2. varamedlem i formannskap og finansutval er det SV si gruppe som foreslår, jfr. kommunelova § 7-10, 3. ledd.
- Val av nytt medlem i helse-, sosial- og omsorgsutvalet er det SV si gruppe som foreslår, jfr. kommunelova § 7-10, 3. ledd.
- Val av 4. varamedlem til styret i Florø Hamn KF er det SV si gruppe som foreslår, jfr. kommunelova § 7-10, 3. ledd.
- Val av nytt medlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert innstilt av gruppeleiarutvalet, og kommunestyret føretek det endelege valet.
- Val av leiar til råd for menneske med nedsett funksjonsevne er det rådet sjølv som veljer, jfr. reglement for politisk organisering og delegering i Kinn kommune, pkt. 2.10.2.1.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova

Reglement for politisk organisering og delegering

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Suppleringsval. Kandidater fra Kinn SV., foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn

SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

Nytt 2. varamedlem i Formannskapet og Finansutvalet: Annette Stene Seljen

Nytt medlem i Helse- sosial og omsorgsutvalet: Gitta Sas

Nytt 4. varamedlem i Florø Hamn KF: Siri Solbakken

Rettelse til forslag, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn

Sosialistisk Venstreparti

Nytt 2. varamedlem i Formannskapet og Finansutvalet: Siri Solbakken

Røysting:

Framlegg frå SV samrøystes vedteke.

KOST- 084/24 Vedtak:

1. Bente Nilsen får fritak frå politiske verv i Kinn kommune frå 01.08.2024 grunna flytting frå kommunen.

2. Nytt medlem nr. 2 frå SV i kommunestyret, er Siri Solbakken (tidlegare 1. vara) som skjer ved opprykk etter valoppgjæret ved kommunestyrevalet 2023.

Korrigert varamedlemsliste for SV i kommunestyret vert slik etter opprykk frå valoppgjæret ved kommunestyrevalet 2023:

1. Ingunn Frøyen
2. Heidi Rønhovde
3. Grethe Stavø
4. Anette Stene Seljen
5. Gitta Sas

3. Nytt 2. varamedlem i formannskapet og finansutvalet: Siri Solbakken

4. Nytt medlem i helse- sosial og omsorgsutvalet: Gitta Sas

5. Nytt 4. varamedlem i Florø Hamn KF: Siri Solbakken

Behandling i Kommunestyret 23.05.2024:

Utsettingsforslag, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn

Sosialistisk Venstreparti

Saka vert utsett fram til ny kandidat er på plass til neste kommunestyremøte.

Røysting:


Utsettingsframlegg frå SV samrøystes vedteke.

KOST- 072/24 Vedtak:

Sak utsatt til kommunestyremøtet i juni.

Vedlegg i saken:

Valprotokoll for valstyret i Kinn kommune, Vestland valdistrikt - Kommunestyrevalget 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
085/24	Kommunestyret	13.06.2024

Val av meddommar 2025 - 2028 - Jordskifteretten - Suppleringsval

KOST- 085/24 Vedtak:

Kinn kommunestyre foreslår følgjande person som meddommar i jordskifteretten i perioden 2025 -2028: Norid Ullaland Nydal.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre foreslår følgjande person som meddommar i jordskifteretten i perioden 2025 -2025:

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har tidlegare valgt meddommarar til lagmannsrett, tingrett og jordskifterett, men må velje ein ny mann til jordskifteretten.

Utvala av meddommarar veljast av kommunane for fire år. Valet gjennomførast året etter kommune- og fylkesvalet.

I 2024 skal kommunane velje nye meddommarar for perioden 01.01.2025 til 31.12.2028. Perioden for dagens utval av meddommarar i tingrettane, lagmannsrettane og jordskifterettane utløpar 31.12.2024.

Meddommarar til lagmannsretten – eit utval for kvinner og eit for menn, jf. domstolloven § 64.

Saksopplysningar:

Eit viktig prinsipp i det norske rettssystemet er at man skal dømast av sine likemenn. Meddommarar har ein viktig funksjon når domstolane handsamar og avgjer rettsaker. Meddommarar deltek i straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane, og bidrar til å vurdere om den tiltalte er skyldig, og kva slags straff vedkommande eventuelt skal få. Meddommarar i jordskifterettane kan delta i handsaminga av rettsfastsettande eller rettsendrande saker som gjelder fast eigendom.

Meddommarane bidrar til å sikre den demokratiske forankringa for domstolen sitt arbeid, og bygger opp under domstolen sin tillit i samfunnet.

Meddommarutvala skal ha ein allsidig samansetning. Meddommarane skal difor i størst mogleg grad gjenspeile kommunen si befolkning. Dette inneberer at kommunen må ta omsyn til blant anna alder, etnisk bakgrunn og kultur når meddommarar skal veljast. Kommunen må arbeide aktivt for å sikre nødvendig breidde i utvala.

Følgande fristar gjeld, jf. domstolloven §§ 66 og 69:

- Kommunestyret vel nye meddommarar innan 1. juli 2024
- Kommunen rapporterer om utfallet av valet til domstolane i [portal for meddommarutval](#) innan 15. september 2024

Generelle krav til den som skal veljast

Domstolloven § 70 stiller generelle krav til den som skal veljast til meddommar:

Den som veljast, må ha tilstrekkelege norskkunnskapar, og for øvrige vere personleg eigna til oppgåva.

I tillegg må vedkommande

1. vere over 21 år og under 70 år, ved valperioden sin start,
2. ikkje vere frådømt stemmeretten i offentleg annliggende,
3. ikkje vere under offentleg gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som busett i kommunen på valdagen, og
5. vere statsborgar i Norge eller eit anna nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som busett i riket dei tre siste år før valdagen.

Meldt si interesse

Kinn kommune har annonsert på heimesida og i sosiale media at dei som ønskjer å bli meddommarar og skjønnsmedlemmar kan melde si interesse ved å fylle ut eit digitalt skjema. I tillegg har ein kontakta tidlegare meddommarar/skjønnsmedlemmar om dei ønskjer å stå på val.

Vurderingar:

Kommunestyret har tidlegare valgt medlemmar til jordskifteretten, men må innan 01.07.2024 velje ein ny mann som meddommar til jordskifteretten.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Jordskifteloven § 2-5](#)

[Domstolloven § 64](#)

[Domstolloven § 65](#)

[Domstolloven § 66](#)

[Domstolloven § 69](#)

[Domstolloven § 70](#)

[Domstolloven § 71](#)

[Domstolloven § 72](#)

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Framlegg frå gruppeleiarutvalet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti
Norid Ullaland Nydal

Røysting:

Framlegg frå gruppeleiarutvalet v/leiar Djuvik samrøystes vedteke.

KOST- 085/24 Vedtak:


Kinn kommunestyre føreslår følgjande person som meddommar i jordskifteretten i perioden 2025 -2028: Norid Ullaland Nydal.

Vedlegg i saken:

Val av meddommarar 2025-2028 - lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten

Utval av jordskiftemeddommarar for perioden 2025-2028

Informasjon om valg av meddommere og skjønnsmedlemmer for perioden 2025-2028



Saksnr.	Utval	Møtedato
086/24	Kommunestyret	13.06.2024

Kommunal vigselsrett - suppleringsval av vigslar

KOST- 086/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ola Teigen får mynde til å vere vigslar ved borgarleg vigsel i Kinn kommune, jamfør ekteskapslova §12 b.
2. Oppdatert liste over vigslarar i Kinn kommune frå og med 14.06.2024:
ordførar, varaordførar, Linda Larsen, Jeanett Jensen, Kristin Maurstad, Sissel Leni Sundal Nærø, Norunn Stavø, Margit Kløvfjell, Jacob Nødseth, Tove Lill Refvik Volle, Edvard Iversen og Morten Andreas Hagen, Øyvind Bang-Olsen, Bodil Gjerde og Ola Teigen

Bakgrunn for saka:

Grunna endring i tilsettingstilhøve er det behov for suppleringsval av vigslar.

Saksopplysningar:

Ansvar for borgarlege vigslar har vore eit kommunalt ansvar sidan 1. januar 2018. Reglane om inngåing av ekteskap følgjer av ekteskapslova kapittel 3. Vigselsmynde er i lova lagt direkte til ordførar og varaordførar. Vedtaket om kven som skal ha vigselsmynde i tillegg til ordførar og varaordførar, kan ikkje gjerast av andre enn kommunestyret.

Sak om vigselsmynde og utnemning av vigslarar vart gjort i sak 46/19 i november 2019, i sak 095/21 i juni 2021 og i sak 135/22 i oktober 2022. Vigslarar i Kinn kommune er i dag ordførar, varaordførar, Linda Larsen, Jeanett Jensen, Kristin Maurstad, Sissel Leni Sundal Nærø, Norunn Stavø, Margit Kløvfjell, Jan Henrik Nygård, Jacob Nødseth, Tove Lill Refvik Volle, Edvard Iversen, Morten Andreas Hagen, Øyvind Bang-Olsen og Bodil Gjerde.

Vurderingar:

Det er opp til kommunestyret å velge om vigslarane skal vere politikarar eller tilsette frå kommuneadministrasjonen. Kommunen må ha fleire vigslarar som kan gjennomføre vigsel på engelsk.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret gjev tilstrekkeleg tal personar vigselsmynde, slik at desse kan avløyse ordførar/varaordførar ved forfall, eller dersom

brudefolket ønskjer andre vigslarar. Det er viktig å gje innbyggjarane i kommunen eit stabilt og fleksibelt tilbod, slik at vigselen kan gjennomførast etter brudefolket sine ønsker. For å unngå hyppige skifter av kven som har vigselsmynde, og eventuell usikkerheit knytt til dette, anbefaler departementet at vigselsmynde vert gjeve for ein lengre periode, og at det ikkje tildelast vigselsmynde for einskildhøve. Det er ikkje påkrevd nokon særleg fagkompetanse for å vere vigslar, men det er vesentleg at dei utnemnde personane kan ivareta vigselen sin seremonielle karakter.

Det går fram av lova sine forarbeid (prop. 91 L (2016-2017)), at vigselsmynde er gjeve til personar, og ikkje rettssubjekt. Vigselsretten opphøyrer dersom vedkomande ikkje lenger er folkevalgt eller tilsett i kommunen. Vigselsretten vil også opphøyre dersom kommunestyret trekker tilbake tildelinga.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om ekteskap (ekteskapsloven) - <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-07-04-47>

Forskrift om kommunale vigsler - <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-18-1421?q=vigsler>

Vedtak om borgerlig vigselsformular - <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-01-19-4263?q=vigselsformular>

Rundskriv om kommunale vigsler (Q-11/2017) - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-q-11-2017-om-kommunale-vigsler/id2572038/>

Prop. 91 L (2016-2017) – Endringer i ekteskapsloven m.v. - <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-91-l-20162017/id2547555/>

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Sak om kommunal vigselsrett, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn


Fremskrittsparti

Saka vert utsatt. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak om kommunal vigselsrett, der ein vurderer tal personar med vigselsrett, og vurderer kva funksjonar i kommunen som bør ha ein slik rett

Ingen handsaming eller røysting av framlegg, sak utsatt grunna tid.

KOST- 086/24 Vedtak:

Sak utsatt.



Saksnr.	Utval	Møtedato
029/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.06.2024
022/24	Kinn eldreråd	04.06.2024
040/24	Plan- og miljøutvalet	05.06.2024
043/24	Oppvekst- og kulturutvalet	05.06.2024
026/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	05.06.2024
012/24	Finansutvalet	06.06.2024
070/24	Formannskapet	06.06.2024
087/24	Kommunestyret	13.06.2024

Overordna økonomiske rammer for tenesteområda, revisjon av økonomiplan 2025-2028

KOST- 087/24 Vedtak:

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenesteområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23.
3. Skulestruktur vert å komme attende til i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenesteområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 04.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenesteområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
1. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 05.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23

Vedtak som innstilling frå Finansutvalet - 06.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23
3. Skulestruktur vert å komme attende til i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret stadfestar førebels økonomiske rammer for tenestoområda og investeringsprogram til økonomiplan 2025-2028 slik det går fram av saksutgreiinga
2. Kommunestyret gjev finansutvalet i oppgåve og mandat å arbeid vidare med prosess som skissert i saka under punkt «vidare arbeid med omstilling» og i samsvar med mandat gitt til utvalet i sak 179/23

Bakgrunn for saka:

Ved handsaming av Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027 gjorde Kinn kommunestyre følgende vedtak pkt. 21 i sak 179/23 den 12.12.23:

Nytt budsjettreglement

Kommunestyret vedtek følgende budsjettreglement for Kinn kommune:

- Det er formannskapet som skal legge fram framlegg til årsbudsjett og økonomiplan i tråd med kommunelova § 14-3
- Formannskapet skal legge fram framlegg til årsbudsjett og økonomiplan seinast 10. november kvart år.
- Det skal etablerast eit finansutval som skal stå for arbeidet med utarbeiding av framlegg til årsbudsjett og økonomiplan:
 - Finansutvalet har personsamanfall med formannskapet. Leiarar av hovudutval og gruppeleiarar som ikkje har representasjon i formannskapet er konsultative medlemmer i finansutvalet.
 - Møta i finansutvalet leggst på same dagar som formannskapet, og løyser ikkje ut godtgjersle utover godtgjersla ein allereie har som medlem i formannskap, leiar av hovudutval eller gruppeleiar.
 - Finansutvalet skal holdast løpande oppdatert om den økonomiske utviklinga i kommunen gjennom året.
 - Kommunedirektøren skal løpande rapportere om alle finansielle endringar som påverkar kommande budsjett- og økonomiplanrammer.
 - **Finansutvalet legger overordna økonomiske rammer for tenesteområda tidleg på året.**
 - Finansutvalet tek løpande stilling til tiltak som fører til auke eller reduksjon i kostnadsbehovet på tenesteområda. Tiltak som medfører endringar i årets budsjett må handsamast av kommunestyret i samband med tertialrapportar eller revidering av budsjett.
 - Vedtaka i finansutvalet skal danne grunnlag for det endelege årsbudsjettet og økonomiplanen
 - Kommunedirektøren skal rapportere løpande til finansutvalet om alle tiltak som påverkar budsjetttrammene på dei enkelte tenesteområda.
 - Kommunedirektøren skal legge fram notat/arbeidsdokument om den økonomiske utviklinga i kommunen til finansutvalet minst 5 gonger pr år, 3 på våren, og 2 på hausten før endeleg budsjettframlegg.

Økonominotat 1 og 2 er sendt finansutvalet i løpet av våren. Tredje notat sammenfaller med første tertialrapporten til formannskap og kommunestyre.

Denne saka tar for seg vedtakspunktet om at finansutvalet legger overordna økonomiske rammer for tenesteområda tidleg på året.

Vedtaket om oppretting av finansutval og tidleg involvering i rammearbeidet er viktige premisser for arbeidet med budsjett for 2025, og er i samsvar med kva kommunestyret har bede om.

Etter kommunedirektøren si vurdering er likevel endringane i den økonomiske situasjonen så omfattande at vi både må legge fram sak om endringar av økonomiplan for 2024-27. Endring av årsbudsjettet for 2024 fylgjer til kommunestyret i form av 1. tertialrapport 2024.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har justert på interne rutinar for å legge til rette for at finansutvalet skal kunne ta stilling til overordna økonomiske rammer for tenesteområda 2025-2028 allereie i juni. Arbeidet med økonomiplanen for 2025-2028 er starta på eit betydeleg

tidlegare tidspunkt på året enn føregåande år. Dette legg grunnlag for ein forbetra prosess fram mot endeleg økonomiplanvedtak i kommunestyret i desember, samt grunnlag for nye forbetringar når arbeidet med økonomiplan 2026-2029 startar over nyttår. Framover vil det bli viktig å auke fokus på at finansutvalet skal ta løpande stilling til tiltak som fører til auke eller reduksjon i kostnadsbehovet på tenesteområda.

Talgrunnlaget i denne saka samsvarer med talgrunnlaget i sak om første tertialrapport 2024 og sak om revidert økonomiplan 2024-2027, begge til formannskapsmøte 6.5.2024 og kommunestyremøte 13.6.2024.

Talgrunnlaget bygger med det på gjeldande budsjettammene for 2024, som er justert for framlegg i første tertialrapport 2024. Vidare bygger rammene på vedtatt økonomiplan 2024-2027, og forslag til revidert økonomiplan 2024-2027. Som del av revidert økonomiplan 2024-2027 er ny omstillingsmodell lagt til grunn. Omstillingsmodellen bygger på økonomisk analyse 2023 ved Agenda Kaupang, og vår førebels berekna demografikonsekvens 2025-2028. Demografikonsekvensen er innarbeidd på både inntektsida (skatt og rammetilskot) og utgiftssida (budsjettammene).

Mange av tenesteområda har eit driftsnivå som er høgare enn budsjetta. For å kunne styre etter rammer som er lagt til grunn i modellen som vist i denne saka må gjennomføre tiltak for å komme ned på dette nivået.

Eit større kostnadsnivå for drift av tenestene og endring av kostnadskalkyle for Albertatunet gjer det nødvendig å revidere økonomiplan. Kommunelova krev at både økonomiplan og årsbudsjett (jfr. Kommunelova §14 4, §14-5) må reviderast når det oppstår endringar av ein slik art budsjettbalansekravet ikkje blir møtt. Det er derfor lage ein modell for mogeleg endringar i investeringsramma som bør liggja til grunn for vidare arbeid med investeringsprogram, driftsrammer, årsbudsjett for 2025 og årsbudsjett.

Vurderingar:

Vidare arbeid med omstilling

Som det går fram av 1. tertialrapport/rekneskap 22/23 er det eit utilfredsstillande gap mellom det driftsnivå vi har økonomiske rammer til og korleis vi faktisk driv. Økonomisk analyse som Agenda Kaupang viser at vi har noko å gå på når det gjeld å komme ned på eit driftsnivå som står i forhold til inntektene. Vi veit at rente- og avdragsutgiftene er stigande utover i økonomiplanperioden. Utfordringa vår er konkrete til tak for sunnare økonomiske utvikling i ei tid der det ikkje er fleirtal for justering av eigedomsskatt.

Når vi no skal lage rammer for neste års budsjett og økonomiplan må vi også fremje tiltak og rammeforutsetningar som gjer at vi legg premisser for arbeidet på ein slik måte at vi oppnår økonomisk balanse, men også kunne synleggjere kva som skal til for å innarbeide eit betre netto driftsresultat.

Vi har gjennom 2023, og så langt i 2024 har lagt fram mange analyser og oversikter over ressursbruk, organisering og tilpassing på tenesteområda.

- **Arbeid med skulestruktur :** Reduksjon i tal skular gjev gode tenester, etablerer tverrfaglege fagmiljø, ressursane til administrasjon vert lågare og vi får vesentleg lågare kostnader til byggdrift. Gjennomgangen viser store innsparing og unngåtte kostnader. Kommuneplanen sin samfunnsdel legg opp til høyring av mogeleg skulestrukturendringar hausten 2024. Analysane av tildelt ramme for grunnskulen viser at om vi ikkje gjer strukturelle grep vil ikkje økonomiplanrammene være tilstrekkeleg til å drive skulane innanfor lærarnorma.
- Gjennomgang av prinsippa for **fordeling av ressursar mellom skular basert på elevar** og like ressursar til oppgåvene innan grunnskulen (ressursmodell),

m.a nedtrekk av ressursar til spesialundervisning. Vi viser her til gjennomgang i finansutvalet i februar.

- **Brannordning for Kinn kommune**, K.sak 074/23. Saka vist avklaring og avstemming av Brann- og redningstenesta si organisering, utrusting og bemanning i bemanningsforskriftene og ROS analyse. Rapporten viste innsparingspotensiale på 1,3 mill. kr, men ein stor del av dette handlar om å redusere framtidige rekneskapsmessige meirforbruk, og det var ikkje lagt til grunn at ein kan oppnå innsparing i høve budsjett.
- **Ny leiing og styringsstruktur**: Nedtrekk på 21 årsverk/21 mill. kr. Detaljert oversikt, jmf. Finansutvalsmøte sak 005/24. Ytterlegare nedtrekk i 2024 på 2-3 årsverk til i 2024. Dette er eit område som ein må undersøke nærmare i løpet av hausten.
- Tenestetildeling : **Ny tenestestandar for helse- og velferd**. Endring av tenestetildelingspraksis for å prioritere oppgaver, møte framtidige behov for. Det er ikkje berekna økonomisk effekt på tiltaket, men er eit grep for å hente att høgare ressursbruk enn samanlikningsgruppa. Kommunestyret handsama sak i k.sak 037/24.
- **IKT område** : Det er laga ein intensjonsavtale som omhandlar samordning og mogeleg fusjon mellom SYSIKT og Nordfjordnett, k.sak 073/23. Dette er eit omfattande arbeid og tek tid. Framover kan vi oppnå innsparingar på gjennomføring av kjøp mellom fleire ikt samarbeid i Vestland, men vi må forvente auka kostnader til tryggleik og tiltak for å hindre skadeleg verknader av dataangrep.
- Gjennomgang av kommunen sin **bygningssmasse og infrastruktur**, kostnader og ressursbruk. Presentasjon i finansutvalsmøte og kommunestyremøte. Gjennomgangen viste reduksjon i årsverksreduksjonar på reinhald og kva som er gjort på reduksjon av energikostnader.
- Gjennomgang av **tenester for ressurskrevjande brukar** i formannskapet, nye brukargrupper og mogeleg finansiering av desse.
- Gjennomgang av **bustadene** Kinn kommune eige og leiger. Rapport vil vere ferdig stilt i juni og blir utarbeidd av PwC. Den legg særleg fokus på husleigeinntekter og utgifter. Oppdraget er også utforma for å vise formue og verdi på bustadmassen.
- **Kommuneplanen sin samfunnsdel** har også eit økonomisk perspektiv og viser samfunnsmessige tiltak for å møte demografiske forhold, m.a. har vi vist ulike folketalstrender.

Kommunaldirektøren ynskjer å invitere til større politisk deltaking i problemanalysen og tiltaksvurderingar for arbeide med å finne innsparingar. Særleg gjeld dette for å sjå heilskapen og at finansutvalet aktivt deltek. Vi må også søke å unngå meir eller mindre tilfeldige budsjettkutt som ikkje er greidd ut eller vurdert, eller av andre årsaker må forkastast.

Kommunedirektøren tur det kan være rett å hente inn ekstern prosessleiar, både for å kunne supplere med ekstern utgreiingskompetanse og bidra med erfaring om kva som verkar i slike prosessar. Finansutvalet kan også vurdere å invitere til drøfting med andre kommune. Dette kan være i høve prosess, tiltak eller for å samanlikna.

Finansutvalet bør før sommaren ta stilling til mandat slik at vi kan lyse ut oppgåva før sommaren. Mandatet bør ta utgangspunkt i korleis realisere aktivitetar og tiltak for å nå tenesterammer slik at vi kan gjere nødvendig økonomiske tilpassingar.

Omstillingsmodellen

Omstillingsmodellen tar utgangspunkt i samanlikning mot KOSTRAGruppe 7 rekneskapsåret 2023. Justert for meirforbruk 2023 og overføringar frå KURS KF viser modellen eit teoretisk potensiale for *rammereduksjon* på samla 77 millionar kroner.

	Økonomisk analyse 2023 v/Agenda Kaupang (AK). Positivt teoretisk innsparingspotensiale . Konserntal, dvs inkluderer kommunale føretak og kommunen sin andel i IKS.	Meirforbruk 2023. AK Økonomianalyse er basert på rekneskapstal 2023, må justere for meirforbruk når vi jobber med budsjettammer. Kommunen må gjennomføre tiltak for å ta ned meirforbruk.	Korrigert for overføringer frå KURS KF i 2023, knytt til integreringstilskotet. Forutsetter med det at dei andre i kommunegruppe 7 ikkje har like høge utgifter, jf AK økonomianalyse	Teoretisk potensiale for rammereduksjon etter justering for meirforbruk 2023, og tenester i kommunekassa sin rekneskap finansiert av integreringstilskotet til KURS KF 2023
Tenesteområde				
Politisk leiing	2 000	0	0	2 000
Sentraladministrasjon eks breiband	7 000	0	-520	6 480
Barnehage	22 000	-22	-4 116	17 862
Grunnskule	27 000	-12 743	-5 741	8 516
Kommunehelse	1 000	0	-650	350
Pleie og omsorg	18 000	0	-600	17 400
Barnevern	17 000	-4 376	-339	12 285
Sosialteneste	6 000	0	-12 921	-6 921
Kultur, fritid og kyrkje	3 000	-1 526	-1 100	374
Plan, byggesak og miljø	4 000	-2 140	0	1 860
Næring og samferdsle	13 000	-5 141	0	7 859
Bustad	10 000	-1 025	-11 682	-2 707
Brann og ulykkesvern	12 000	-261	0	11 739
Sum	142 000	-27 234	-37 669	77 097

Vidare er det i omstillingsmodellen berekna økonomisk konsekvens av demografisk endring i åra 2024-2034. I denne berekninga er KS sin sist oppdaterte demografimodell frå 2022 lagt til grunn, men med vår eigen folketalsframskriving. I demografimodellen blir kommunen målt mot landssnittet, både utgiftsnivå og nasjonale befolkningsframskrivingar. Folketal for Kinn brukt i modellen er i tråd med dei framskrivingane som er innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel. SSB kjem med nye folketalsframskrivingar 5. juni (desse kjem annakvart år), og KS med ein oppdatert demografimodell i løpet av sommaren. Vidare er det realisererte folketal 1.7.2024 som er grunnlag for rammetilskotet til kommunen i statsbudsjettet for 2025. Omstillingsmodellen bør difor avstemmast mot alle desse endringa som kjem i perioden juni-september, før endeleg økonomiplanvedtak i desember.

Demografiberekninga er vidare korrigert for to forhold, kompensasjon for forskjell mellom landssnitt og KOSTRAGruppe 7 med 10 prosentpoeng og 14% brukarbetaling. Dette er ikkje nøyaktige tal, men gir til dømes noko mindre trekk i ramma til grunnskule og noko mindre auke i ramma til pleie og omsorg. Samla sett kommer kommunen i omstillingsmodellen ned på nivå med KOSTRAGruppe 7 i 2028.

	Demografi - økonomisk konsekvens. Akkumulerte tal i heile tusen. 2023-kroner. Justert for forskjell mellom landssnitt og KOSTRAgruppe 7 med 10 prosentpoeng og 14% brukerbetaling. Førebels berekna.										
Tenesteområde	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Politisk leiing											
Sentraladministrasjon											
Barnehage	-2 241	-2 445	1 859	2 523	387	2 119	677	916	1 394	1 872	2 298
Grunnskule	-1 152	-10 755	-16 646	-23 816	-32 139	-37 645	-37 261	-38 925	-42 638	-46 095	-49 296
Kommunehelse	721	1 240	1 839	2 336	2 588	2 810	3 097	3 367	3 659	3 928	4 116
Pleie og omsorg	10 714	18 120	25 425	34 247	43 487	52 715	61 080	70 952	79 715	92 731	104 486
Barnevern	-118	-720	-980	-1 473	-2 228	-2 700	-2 909	-3 179	-3 602	-3 907	-4 237
Sosialteneste	351	539	397	209	-33	-394	-866	-1 314	-1 813	-2 259	-2 602
Kultur, fritid og kyrkje											
Plan, byggesak og miljø											
Næring og samferdsle											
Bustad											
Brann og ulykkesvern											
Sum	8 274	5 979	11 895	14 027	12 063	16 905	23 818	31 817	36 715	46 270	54 765

Tabellen som ligg til grunn for modellen er lagt ved saka.

Økonomitabellar – Førebels økonomiplan 2025-2028

For å kunne legge fram sak om overordna økonomiske rammer for tenesteområda har kommunedirektøren vurdert det slik at ein samtidig bør vise ein førebels økonomiplan 2025-2028 i balanse. I denne delen av saksutgreiinga viser vi difor førebels berekna Generelle driftsinntekter 2025–2028 og førebels berekna Finans 2025-2028 i tråd med revidert investeringsprogram i tillegg til alle bevegelser på budsjetttrammene til tenesteområda frå vedtatt budsjett 2024 til og med økonomiplanåret 2028.

I denne saka vil sentrale budsjettpostar bli kort omtalt. Oppdaterte berekningar, og grundigare utgreiing kjem i samband med det vidare arbeidet med økonomiplanen.

Tabell 1 viser generelle driftsinntekter. Telemarksforsking har levert prognose for skatt og rammetilskot basert på kommunen sin oppdaterte framskriving av folketal. I tillegg er illustrert økning knytt til nytt inntektssystem på 28 millionar kroner lagt til grunn. Eigedomsskatten er ikkje justert opp utover vedtatt økonomiplan. Vertkommunetilskotet er trappa ned med i snitt ein brukar årleg.

Tabell 1: Generelle driftsinntekter (jf løyingsoversikt drift etter §5-4 første ledd)

	Rekn 2020	Rekn 2021	Rekn 2022	Rekn 2023	Budsjett 2024 KST 179/23	Regulert budsjett 5-2024	Rev bud T1-2024 5-2024	Øk.plan 2025 5-2024	Øk.plan 2026 5-2024	Øk.plan 2027 5-2024	Øk.plan 2028 5-2024
Skatt på inntekt og formue	-549 252	-592 639	-637 669	-610 070	-637 485	-637 485	-640 350	-641 991	-645 907	-649 221	-652 552
Rammetilskot	-517 764	-524 607	-534 185	-618 160	-652 773	-652 773	-651 508	-659 992	-660 991	-663 794	-666 609
Nytt inntektssystem frå 2025	0	0	0	0	0	0	0	-28 000	-28 000	-28 000	-28 000
Ramme:covid-19	-24 579	-29 462	-15 472	-975	0	0	0	0	0	0	0
Ramme:skjønsmidlar statsforvaltar	-4 000	-2 000	-3 500	-7 500	-2 000	-2 000	0	0	0	0	0
Ramme:stønad kommunereform	-8 797	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Ramme:ekstra skjønn flyktningar	0	0	-1 268	0	0	0	0	0	0	0	0
Ramme:skjøn kommunedeling	0	0	-100	0	0	0	0	0	0	0	0
Ramme:skjøn grensejustering	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Eigedomsskatt	-62 893	-81 839	-79 557	-81 956	-83 200	-83 200	-82 900	-84 200	-85 200	-86 200	-86 300
Kompensasjonstilskot Husbanken	-4 338	-3 993	-4 298	-5 649	-5 653	-5 653	-6 378	-6 162	-5 903	-5 643	-5 384
Vertskommunetilskot (HVPV)	-16 697	-17 214	-17 662	-17 658	-14 939	-14 939	-14 939	-13 072	-11 204	-9 337	-7 470
Tilskot havbruksfond	-38 654	-17 607	-53 172	-25 624	-55 120	-55 120	-55 120	-18 813	-55 120	-18 813	-55 120
Produksjonsavgift vindkraft	0	0	0	-1 747	-8 405	-8 405	-7 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Sum	-1 226 974	-1 269 361	-1 346 883	-1 369 338	-1 459 575	-1 459 575	-1 458 195	-1 460 230	-1 500 325	-1 469 008	-1 509 435

Tabell 2 viser Finans. Renteinntekta er auka opp. Utbytte er auka opp. Renteutgifter og avdrag er auka opp i tråd med revidert investeringsplan.

Tabell 2: Finans (jf løyingsoversikt drift etter §5-4 første ledd)

	Rekn	Rekn	Rekn	Rekn	Budsjett	Regulert	Rev bud	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2020	2021	2022	2023	2024	budsjett	T1-2024	2025	2026	2027	2028
					KST 179/23	5-2024	5-2024	5-2024	5-2024	5-2024	5-2024
Renteinntekt	-7 778	-8 789	-16 422	-29 048	-30 737	-30 347	-33 449	-37 513	-39 306	-35 749	-36 174
Utbytte	-8 948	-7 806	-4 878	-6 496	-15 000	-15 000	-19 000	-20 000	-20 000	-21 000	-21 000
Renteutgifter	46 511	40 624	62 895	113 398	138 520	138 504	142 302	146 002	151 333	159 260	161 030
Avdrag	94 245	101 714	106 376	113 892	120 998	120 998	121 345	131 929	146 591	164 008	167 048
Sum	124 030	125 743	147 971	191 746	213 781	214 155	211 198	220 418	238 618	266 519	270 904

Tabell 3 viser alle bevegelser på budsjettrammene til tenestoområda frå vedtatt budsjett 2024 til og med økonomiplanår 2028. Felt merka lysegult er justeringar forelsatt i første tertialrapporten og i revidert økonomiplan 2024-2027.

Tabell 3 Tenestemøråda - økonomiske rammer (bevegelser til løyngsoversikt drift etter §5-4 andre ledd)

	Politisk leing	Sentral- adm	Felles div (premie- avvik)	Barne- hage	Grunn- skule	Kommune- helse	Pleie og omsorg	Barne- vern	Sosial- teneste	Kultur, fritid og kyrkje	Plan, byggesak og miljø	Næring og samferdsle	Bustad	Brann- og ulykkes- vern	VAR	Finans (reservert løyving)	Sum
Sum opphavg vedatt budsjett 2024	7 907	96 008	-6 394	172 916	345 642	76 966	476 333	57 775	30 720	48 660	16 570	36 817	2 580	27 147	-36 188	39 906	1 392 765
Regulert budsjett 5-2024:																	
Omorganisering nye stab Strategi og samordning		70			-801	1 200	-1 270		801								0
Omorganisering årsverk (fra stab til formålsbygg)		-1 330		819	511												0
Teknisk justering Informasjon og service, i tråd med KOSTRA		353		8	-60	-369	80	8			36	-56					0
Korrigerig, ansvar ikkje i bruk		-4	4														0
Justering PPT, i tråd med KOSTRA				-425	425												0
Justering reinhald, i tråd med KOSTRA		399	-3			-5	-211			-31			-149				0
Kompensasjon prisvekst formålsbygg, vidareført frå budsjett 2023		100		100	1 100	100	800			300						-2 500	0
IKT Nordfjord fordelt på tenestefunksjonane i tråd med KOSTRA		-12 336		1 091	3 354	204	5 499	327	334	224	988	119	112	84			0
Overheng, andel 1,7% av deflator 4,3% i 2024 (pris og lønsvekst)	133	1 398	91	2 837	5 469	1 285	7 904	978	522	643	223	515	31	403		-22 432	0
Prisvekst kjøp av tenester formålsbygg, rest deflator 2024 2,6%		155	23	68	289	171	172	20	7	135	20	-7	16	19		-1 088	0
Innsparing innkjøp, fordelt på tenestemøråda	-6	935	-4	-89	-245	-56	-385	-45	-23	-27	-11	-23	-1	-20			0
Avskrivningar, endring 2024, motpost skjema 1a	28	410	-27	-303	-723	-50	248	10	-16	-27	-221	-263	170	-512	-668		-1 944
Kompensasjon lønsmidlar PLO							1 244									-1 244	0
Teknisk justering ansvar 2000 i tråd med KOSTRA		-72									195	-171	30	18			0
Teknisk justering ansvar 1270 i tråd med KOSTRA		-1 253				-365	1 618										0
Teknisk justering ansvar 5000 i tråd med KOSTRA					556	-573		16									-1
Avrunding		1					-1									1	1
Sum regulert budsjett 5-2024	8 062	84 834	-6 310	177 022	355 517	78 508	492 031	59 089	32 345	49 877	17 800	36 931	2 789	27 139	-36 856	12 043	1 390 821
Revidering budsjett T1-2024:																	
Lisens Geomatikk		260															260
Styrking ramme politisk leing	1 000																1 000
Møtegodtgjerdse observatørar	50																50
Styrking grunnskule, i tråd med ressursfordelingsmodell					5 000												5 000
Åpne kjøkken i Måløy							1 400										1 400
Auka kjøp frå Bordgleder i Florø							2 000										2 000
Tiltak ressurskrevjande teneste							1 682										1 682
Tiltak ressurskrevjande teneste							1 800										1 800
Styrking barnevern, nedtrapping neste åra med årleg 1,5 mill kr								6 000									6 000
Tilskot 17. maikomitear										55							55
Tilskot Kystvegen Måløy-Florø AS												200					200
Stryking bustad - tar ikkje inn husleige for fellesområder													1 140				1 140
Generell styrking formålsbygg																2 000	2 000
Rammekutt 7,5 mill kr	-47	-422		-699	-1 833	-460	-2 855	-349	-184	-241	-79	-181	-9	-141			-7 500
Omstillingspott 3 mill kr redusert til 1,5 mill kr i 2024, overført 2025		-1 500															-1 500
Netto pensjon, auke																2 000	2 000
Auka avsetting pris og lønsvekst																1 000	1 000
Netto konsesjonskraft, høgare inntekt enn budsjettet												-2 000					-2 000
VAR - redusert kalkulatorisk rente															3 804		3 804
VAR - auke kalkulatoriske avdrag															-17		-17
Startlån - auka renteinntekt													-62				-62
Startlån - redusert renteutgift													-530				-530
Sum revidert budsjett 2024 T1	9 065	83 172	-6 310	176 323	358 684	78 048	496 058	64 740	32 161	49 691	17 721	34 950	3 328	26 998	-33 069	17 043	1 408 603
Økonomiplanår 2025:																	
Vedtatt økonomiplan 2024-2027:																	
Avsetting til val	1 000																1 000
Driftskonsekvens, Ny brannstasjon – Vågsøy Brann og redning														200			200
Prisvekst utover statsbudsjettkompensasjon																3 000	3 000
Skulestruktur, demografi					-5 000												-5 000
Breiband, driftstilskot 2024, reversering i 2025			-4 000														-4 000
Prosjekt bemanning, saldert utover opphavg krav		-188			-140		-1 000				-285		-750				-2 363
Opphavg reversering omstillingsmidlar		-3 000															-3 000
Omstilling tenestemøråda	-300	-3 000		-7 000	-16 300		-3 000	-3 000			-691	-1 076	-1 302				-35 669
Redusert omstilling					7 574												7 574
Renteutgift startlån													-1 657				-1 657
Renteinntekt startlån													-3 189				-3 189
VAR - Auke indirekte kostnader															-49		-49
VAR - Auka kalkulatorisk rente															-1 225		-1 225
VAR - Auke kalkulatoriske avdrag															-2 820		-2 820
Framskynding omstillingskrav politisk leing	300																300
Auka omstillingskrav		-1 500															-1 500
Drifteffekt, oppgradering Standalsvegen																	-250
Rullerande barnehageopptak, reversert				-1 250									-250				-1 250
Redusere åpningstid bibliotek										-100							-100
Rammekutt kulturskolen										-500							-500
Fjerne helgeturnus kulturhuset										-100							-100
Redusere tilskot kirka										-100							-100
Effekt tilskotsliste										-100							-100
Ny leing og styringsstruktur																	0
Upesifisert salderingskrav nulla ut, konkret løysing angitt nedafor		3 744															3 744
Personal 1 årsverk		-1 000															-1 000
Fag og utvikling 1 årsverk							-932										-932
Informasjon og service 3,5 årsverk, halvårseffekt		-1 225															-1 225
Tildeling 1 årsverk							-606										-606
Tenestøkonomi 1 årsverk, halvårseffekt		600															600
Rådgjevare plo 1 årsverk, salderingskrav justert frå sentraladm til plo							-629										-629
Reversert saldering/styrking		48															48
Fylkesarkivordninga, utviding depotavtale		655															655
Nedtrapping bidrag KURS KF																2 500	2 500
Demografiomstilling 2033							1 482										1 482
Auka brukerbetalig 14%							-207										-207
Netto konsesjonskraft, auka inntekt												-1 000					-1 000
Kommunestyret 179-33 tillegg:																	0
Innsparing administrasjon		-6 000															-6 000
Konkurranseutsetting pensjon																-2 500	-2 500
Rullerande barnehageopptak				250													250
AK, oppvekst, nr 2 skulestruktur, utsatt til 2025/2026					-1 490												-1 490
Budsjettavtale Stortinget, gratis SFO 3. trinn frå skuleåret 2024/25					3 706												3 706
Budsjettavtale Stortinget, auka sats kvalifiseringsprogram					44												44
Effekt tilskotsliste, reversert										100							100
Endring tilskotsliste - Innovasjon og Næring												288					288
Øvre Skram - driftskonsekvens utsatt 1 år										200							200
Hovudbrannstasjon Florø - Driftskonsekvens utsatt 1 år														1 136			1 136
Bidrag KURS KF, berre i 2024, ramme styrka igjen i 2025																6 000	6 000
Auka kostnader vekst																5 000	5 000
Mellombels styrking grunnskule knytt til tal elevar (tatt ut i 2024)					2 210												2 210

	Politisk leing	Sentral- adm	Felles div (premie- avvik)	Barne- hage	Grunn- skule	Kommune- helse	Pleie og omsorg	Barne- vern	Sosial- teneste	Kultur, fritid og kyrkje	Plan, byggesak og miljø	Næring og samferdsle	Bustad	Brann- og ulykkes- vern	VAR	Finans (reservert løyving)	Sum
Revidering økonomiplan 2025:																	0
Reversert styrking politisk leing	-1 000																-1 000
Digital voteringsløsning	100																100
Influensar for ungdom (1220)		60															60
Avlevering historiske websak databasar (1220)		405															405
Nedtrapping ekstra styrking barnevern i T1-2024								-1 500									-1 500
I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Havhesten Kinn kommune KF per 31.12.2023. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 09.04.2024 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 29.04.2024 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 011/24:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Havhesten KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr -843.021 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2023 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2023 utgjør kr 2.745.616.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 091/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Framlegg til vedtak, foreslått av Øyvind Bang-Olsen,

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 062/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:


Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap 2023

Havhesten Kinn kommune KF - Årsmelding 2023

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2023 for Havhesten Kinn kommune KF

Melding om vedtak: Havhesten KF - rekneskap og årsmelding 2023

Møtebok - Styret i Havhesten Kinn kommune KF - 18.03.2024_1771966_1_A_2269680



Saksnr.	Utval	Møtedato
063/24	Formannskapet	06.06.2024
092/24	Kommunestyret	13.06.2024

Kinn utdannings og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023

KOST- 092/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Kinn utdannings- og ressurscenter KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

Årsrekneskap og årsmelding for Kinn utdannings- og ressurscenter KF vert godkjent slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2023 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn utdannings og ressurscenter KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn utdannings og ressurscenter KF per 31.12.2023. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 08.04.2024 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 29.04.2024 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 014/24:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Kinn utdannings- og

ressurssenter KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr 4.511.069 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekket beløp på kr 202.436. Dette må dekkes inn i 2024.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2023 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2023 utgjør kr 22.721.828.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 092/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Kinn utdannings- og ressursssenter KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Framlegg til vedtak, foreslått av Øyvind Bang-Olsen,

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Kinn utdannings- og ressursssenter KF vert godkjent slik det ligg føre.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 063/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Kinn utdannings- og ressursssenter KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:


Kinn utdannings og ressursssenter KF - Årsrekneskap 2023

Kinn utdannings og ressursssenter KF - Årsmelding 2023

Melding frå uavhengig revisor- Kinn utdannings- og ressursssenter KF

Melding om vedtak: Kinn utdannings- og ressursssenter KF - årsmelding og rekneskap 2023

Protokoll - Styret i Kinn utdannings- og ressursssenter KF - 21.03.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
060/24	Formannskapet	06.06.2024
093/24	Kommunestyret	13.06.2024

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023

KOST- 093/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2023 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2023. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 13.04.2024 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 29.04.2024 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 012/24:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2023 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr -10.054 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 11.925.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2023 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2023 utgjør kr 2.250.200.

Udekka i investering må dekkes inn i budsjett 2024.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 093/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Framlegg til vedtak, foreslått av Øyvind Bang-Olsen,

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 060/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:


Bordgleder - Årsrekneskap 2023

Bordgleder - Årsmelding 2023

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2023 for Bordgleder Kinn kommune KF

Melding om vedtak: Bordgleder KF - årsrapport og rekneskap 2023

Møtebok mars 2024



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	
068/24	Formannskapet	06.06.2024
094/24	Kommunestyret	13.06.2024

Vurdering av kommunal foretaksmodell for KF Bordgleder

KOST- 094/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

KF Bordgleder held fram som kommunalt føretak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

KF Bordgleder held fram som kommunalt føretak.

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren vert beden om å vurdere organisasjonsform for Bordgleder i løpet av våren 2024.

K.sak 179/24 – punkt 19

«...Kommunedirektøren vert bedt om å utarbeide ei sak som vurderer konsekvensane av endra organisasjonsform for Bordgleder KF i løpet av våren 2024....»

UPO- 029/23 Vedtak:

KF Bordgleder og KF Havhesten vert avvikla. Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Utval for politisk organisering (UPO), nedsett av kommunestyret, innstilte på å legge KF Bordgleder og KF Havhesten (UPO 29/23). Kommunestyret valde å halde fram med KF modellen for kjøkkendrift i Florø (KOST- 090/23). Ombygging av kommunen sin lokale i Hjellegata til nytt kjøkken vart vedteke i sak 075/23.

Føretaket sitt føremål er å drive produksjon, sal og distribusjon av produkt frå eige kjøkken og sal/distribusjon av produkt som naturleg høyrer inn under føretaket sitt varespekter. Føretaket kan gjennom avtaler drive kantiner og andre produksjonseiningar.

Saksopplysningar:

Organisering av tenester og oppgåver med bruk av kommunale føretak er gjort som ledd i den politiske organiseringa og med mål om større grad av forretningsmessig orientering av drifta. Føretaket er ikkje eige rettssubjekt, men underlagt kommunestyret. Selskapet sine vedtekter finn ein i linken [Vedtekter - KF Bordgleder](#)

Låneopptak og avtalar skal godkjennast av kommunestyre.

Kinn kommune er arbeidsgjevar for dei tilsette i føretaket og personalforvaltninga fylgjer kva gjeld elles for kommunalt tilsette. Drifta skal vere effektiv, mest mogeleg lønsam og berekraftig over tid. Budsjett, handlingsprogram og årsrapport skal dokumentere resultatkrav og resultat.

Styret leiar i føretaket har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd, men likevel innanfor rammene som kommunestyret har fastsett.

Kommunedirektøren har ikkje instruksjons overfor dagleg leiar i føretaket. Før styret treff vedtak i saker som skal handsamast i kommunestyret, har kommunedirektøren uttalerett.

I dag utgjør sal til eksterne kring 40% av inntektene til Bordgleder.

Styre i Bordgleder skriv dette i sin strategiplan:

1. *At Bordgleder er organisert som kommunalt føretak (KF) har slike styrker: Ein kan utnytte restkapasitet i produksjon til å presse kostnader ned og skape arbeidsplassar lokalt.*
2. *Ein kan vidareutvikle eit kompetansemiljø som brenn for kvalitet i matkvardagen til dei eldre, utan at dette blir ein salderingspost og meirarbeid i den store organisasjonen som omsorgstenesta er. «Ei mindre oppgåve» for ein allereie overarbeida administrasjon i kommunen.*
3.
 - *Økonomien blir meir oversiktleg og synleg, og lettare å styre.*
 - *Dei tilsette får direkte vere med og styre eigen arbeidsplass gjennom tilsettere-representasjon i styret, samstundes som dei i eit KF har alle rettar som tilsette i kommunen på lik linje med alle andre tilsette.*
 - *Eit eige styre tilfører relevant kompetanse og mogleggjer raskare og meir «hands-on» gjennomføring av politiske vedtak, markandsmoglegheiter og ambisjonar eigar (kommunestyret) har.*

Selskapet har lagt slik plan for å kunne utnytte sentralkjøkken til tenester utanfor Kinn kommune

- *Sal og marknadsutvikling, særleg innan desse områda: Ferjer (mannskapsmat og kiosk) Bordgleder leverer til fleire ferjer i dag, og har lang tradisjon for å levere til ferjer.*
- *Bordgleder har hatt konkrete førespurnader om å kunne levere til fleire, som ein ikkje har kunne ta på seg på grunn av uklårheit knytt til nytt kjøkken/framtidig driftsform.*
- *Omsorgstenester i andre kommunar (heilt eller delvis) Bordgleder kan levere middagar til heile kommunar, delar av kommunar, utvalde dagar (feriar, ved særlege behov, helger osv.)*
- *Maritim og marine næringar (offshorefartøy, fiskebåtar mv)*

- *Industri/anlegg*
- *Større arrangement (t.d. fotballcupar) Bordgleder har vore kontakta om å levere middagar til ein stor fotballcup på Austlandet.*
- *Skule og barnehagar Det kan bli aktuelt å levere mat til barnehagar og/eller skular, både i eigen kommune og til andre kommunar.*
- *Engros (sausar, supper etc.) Via grossist har Bordgleder levert middagsprodukt til eit hotell utanfor Kinn kommune i 2024. Det er eit stort potensial for å levere til slike aktørar, både til hotell,*

Vurderingar:

I samband med arbeidet til Utval for politisk organisering vart det utarbeidd vurderingsprinsipp i kva grad det vil være hensiktsmessig å organisere kommunen sin drift som kommunale føretak.(sjå vedlegg)
Skjema tok utgangspunkt i;

- **Tenester** vurdert ut fra variablane; *Kapasitet og tenesteutvikling, Organisering, Samhandling, leing og kompetanse*
- **Økonomi** vurdert ut fra variablane; *Budsjett, rapportering og avtalar, Effektiv tjenesteproduksjon, Ressursfordeling, Kommersialisering*
- **Demokrati** ut frå variablane medverknad og politikkutforming med variablane: *Innbyggjar, samfunns- og næringsinnsyn, Openheit og innsyn, Sekretariat, administrative ressursar og honorar*

	Ulemper	Føremoner
Tenester	Kjøkkendrft er ein del av det samla omsorgstilbodet. Det kan oppstå samordnings- og koordineringsutfordringar mellom selskapet og kommunen som kjøper av tenester.	Eksternt sal krev fokus på kontrakt, oppfølging, logistikk. Kan være viktig å skilje denne type verksemd ut fra kommunen si ordinære drift.
Økonomi	Selskapet er avhengig av kommunen sin årleg budsjetthandsaming og ikkje prising i ein marknad. Kan oppstå kryss-subsidiering, eventuell forskjellar i prising mellom privat/offentleg kundar.	Utnyttar stordriftsfordelar for løn, varer og investeringar. Gjev låge kostnader til matproduksjon om ein kan fordele kostnader på fleire aktivitetar.
Demokrati, medverknad og politikkutforming		Innsyn i selskapet si drift på vanleg måte som andre aktiviteter i kommunen.
Samla vurdering av nytte		Investering i nytt kjøkken legg grunnlag for effektiv drift over tid om ein lykkast med høgare del eksternt sal enn i dag. Kommunen har investert i lokale og utstyr som gjer at selskapet bør få handlingsrom til å halde fram med KF

		modellen. Desse fordelane veg truleg opp for høgare kostnader for administrasjon av eit selskap og andre ulemper.
--	--	---

Med utgangspunkt i tabellen over vurderer kommunaldirektøren at KF Bordgleder bør halde fram som kommunalt føretak. Med bakgrunn i dei store kostnader som no er lagt i nytt utstyr og moderne kjøkkenlokale, synes det fornuftig å prøve ut ordninga ein har valt og teste ut marknadspotensiale som styre har lagt grunnlag for (vedlegg).

Sal til eksterne er i dag kring 40%.

Kommunedirektøren oppmodar om at når ein set saman styre bør ein vurdere også å også velje medlemmer med erfaring frå matproduksjon, reiseliv mv i privat sektor.

Kommunedirektøren meiner også at selskapet må jobbe for å redusere sine kostnader utover dei løyvingar som no vert løyvd ekstra til matkjøp frå KF Bordgleder.

Kommunedirektøren finn det ikkje formålsteneleg å vurdere aksjeselskapsmodellen på dette tidspunkt, då ein prøve ut modell som kommunestyret har valt.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
KF Bordgleder vært lagt ned frå 1.1.2025. Kommunedirektøren får fullmakt til å organisere tenesten frå 1.1.2025

Sak utsettast.

KOST- 094/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
KF Bordgleder vært lagt ned frå 1.1.2025. Kommunedirektøren får fullmakt til å organisere tenesten frå 1.1.2025.

Merknad frå Raudt v/repr. Miriam Nesje:

Under saksopplysningar er det ein feil i teksten, ordet leiar må takast vekk i følgjande setning: "Styret leiar i føretaket har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd, men likevel innanfor rammene som kommunestyret har fastsett".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt falt med ei røyst frå Raudt.


FORM- 068/24 Vedtak:

KF Bordgleder held fram som kommunalt føretak.

Vedlegg i saken:

Overordna strategiplan for Bordgleder KF 2024-2028

KF modell - 24052024



Saksnr.	Utval	Møtedato
095/24	Kommunestyret	13.06.2024

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027

KOST- 095/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

- Kommunestyret vedtek å prioritere følgjande forvaltningsprosjekt i planperioden:
 - Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg
 - Oppvekst
 - Beredskap
 - Inventar og utstyr
 - Internkontroll
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innanfor ramma for utføring.
- Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av omsyn til habilitet, kapasitet eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
- Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
- Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjons-prosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Statsforvaltaren).

Bakgrunn for saka:

Vest kontroll har i brev datert 29.05.2024 meldt om sak frå kontrollutvalet for handsaming i kommunestyret. Saka gjeld plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 – 2027.

Saksopplysningar:

Gjeld vedtak i Kinn kontrollutval, sak 26/24, Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Kinn kommune 2024 - 2027.
Sjå vedlagte skriv frå Vest kontroll.

Vurderingar:

Kontrollutvalet sitt vedtak i saka vert lagt fram for kommunestyret for handsaming.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Sak utsettast.

KOST- 095/24 Vedtak:

Sak utsatt.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.06.2024
029/24	Oppvekst- og kulturutvalet	28.05.2024
038/24	Oppvekst- og kulturutvalet	05.06.2024
096/24	Kommunestyret	13.06.2024

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune

KOST- 096/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 05.06.2024:

Oppvekst- og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2024

Oppvekst- og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Bakgrunn for saka:

I ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024, Lov 9. juni 2023 nr 30 om

grunnskoleopplæringa og den vidargåande opplæringa, går det fram i § 10-7 at kommunen må fastsette forskrift om organisering av skuledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar).

Lokalt fastsett forskrift skal etter ny opplæringslov kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Høyringsutkast til *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* vart handsama i oppvekst- og kulturutvalet, og i samsvar med vedtak OPKUV 023/24 sendt på høyring til skulane sine samarbeidsutval (SU), foreldreråd, elevråd, skulemiljøutval og arbeidstakarorganisasjonane.

Høyringsfrist vart sett til 30. april 2024.

Etter at høyringsfristen er ute, vert sak om *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* lagt fram oppvekst- og kulturutvalet for handsaming av høyringsuttalar, før den går vidare til Kinn kommunestyre for endeleg vedtak (jf vedtak KOST-87/23 Politisk organisering og delegering, kap 2.3.5 punkt d).

Saksopplysningar:

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune vil erstatte *Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune* som vart vedtatt av Kinn kommunestyre i sak 7/24.

Høyringsutkast *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* er utforma i samsvar med føringar i Rundskriv UDIR-8-2014, sist endra 30.03.2023. Utkastet er ei revidering av *Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune* som vart vedtatt av Kinn kommunestyre i sak 007/24.

Ny opplæringslov § 10-5 opnar for at kommunen sjølv kan velje korleis skuledemokratiet skal utformast. Elevråd valt av elevane på skulen og arbeidsutval valt av foreldre på skulen er vidareført i ny lov. «Andre brukarorgan» skal fastsettest av kommunen.

Kinn kommune har valt ei politisk organisering med hovudutval for dei ulike sektorane. Representantar frå oppvekst- og kulturutvalet er valt som representantar frå skuleeigar til barnehagane og skulane sine samarbeidsutval. Ei slik ordning gjev gode føresetnader for dialog mellom skulane sine «brukarrepresentantar» og skuleeigar, og god utveksling av kunnskap om drifta av skulane.

Skulen sitt skulemiljøutval (gjeldande lov § 11-1a) er gjerne eit utvida SU, med ekstra representantar slik at elevar og foreldre tilsaman utgjer eit fleirtal.

Med bakgrunn i Kinn kommune si politiske organisering med hovudutval for dei ulike sektorane, vurderer Kommunedirektøren at organiseringa av skuledemokratiet, med samarbeidsutval (SU) som skulen sitt øvste samarbeidsorgan, og skulemiljøutval samansett av elevar, tilsette, foreldre, skuleleiing, og skuleeigar for kvar skule, vert vidareført slik det går fram av §§ 11-1 og 11-1a etter gjeldande opplæringslov. Dette er det teke omsyn til og innarbeidd i høyringsutkastet.

I Utdanningsdirektoratet sin rettleiar med nasjonal tilråding om elevane sin tilgang til og bruk av private mobiltelefonar og smartklokker på skulen, er det lagt vekt på å hindre distraksjon i undervisninga, styrking av skulemiljøet og å motarbeide mobbing og andre krenkingar. Dette er innarbeidd i høyringsutkastet.

Det er lagt inn følgjande endringar i høyringsutkastet:

- Lovparagrafar som er vist til i gjeldande ordensreglement er oppdatert i samsvar med lovparagrafar i ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024.
- Ny § 5 om skuledemokrati er lagt til.

- Under § 10 Reglar for god åtferd og § 11 Bruk av elektroniske hjelpemiddel er det lagt til punkt om bruk av mobiltelefon og smartklokke i skuletida.

Gjeldande *Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn* er nyleg vedtatt av Kinn kommunestyre. Dei ulike brukarorgana ved skulane har god kjennskap til innhaldet i reglementet, då dei nyleg har hatt ordensreglementet til vurdering og har kome med innspel. Oppvekst- og kulturutvalet bad derfor særskilt om høyringsinstansane sitt syn på endringane knytt til ny § 5 om skuledemokrati, og punkt om bruk av mobiltelefon og smartklokke i skuletida i høyringsinnspela:

1. Organisering av skuledemokratiet (ny § 5 i forskrifta)

A Elevråd (opplæringslova § 10-5)

- om ein støttar ordninga med elevråd som er valt av elevane ved skulen, slik ordninga er i dag
- ev framlegg til anna ordning som sikrar elevdemokratiet i skulen

B Arbeidsutval (opplæringslova § 10-5)

- om ein støttar ordninga med at kvar skule skal ha arbeidsutval som er valt av foreldra ved skulen, etter same ordning som i dag
- ev framlegg til anna organisering som sikrar foreldremedverknad på skulen

C Andre brukarorgan (opplæringslova § 10-5)

- om ein støttar ei vidareføring av ordninga med samarbeidsutval ved kvar skule, etter same ordning som i dag
- om ein støttar ei vidareføring av ordninga med skulemiljøutval ved kvar skule, etter same ordninga som i dag

2. Regulering i elevane sin bruk av mobilar og smartklokker i skuletida

D - om ein støttar innarbeidde punkt i skulereglane for elevane sin bruk av mobiltelefon og smartklokke på skulen

- ev innspel til anna ordning for elevar sin bruk av mobiltelefon og smartklokke

Kinn kommune har mottatt 8 høyringsinnspel til *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune*. Vidare i saka vil kommunedirektøren ta stilling til dei ulike høyringsinnspela.

Kommunedirektøren gjer merksam på at i vedlegg *Høyringsutkast med innspel - Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* er endringar frå dagens ordensreglement merka med turkis farge, og høyringsinnspel som gjev grunnlag for endring, merka med raud skrift.

Vurderingar:

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune skal bidra til at skulane får velfungerande arbeids- og læringsmiljø, og skal legge føringar for gode demokratiske prosessar som også involverer foreldra.

Råd og utval i skulane har rett til å uttale seg og komme med forslag i t.d. saker som gjeld skulemiljø og kvalitetsutvikling i opplæringa.

Skulereglane inneheld opplysningar om elevane sine rettar og plikter, orden og åtferd, sanksjonar som skal brukast dersom elevane bryt reglane, og framgangsmåte når saker om brot på reglane skal handsamast.

Organisering av skuledemokrati og skulereglane rettar seg såleis mot elevar,

foreldre/føresette, rektor/leiinga og tilsette ved grunnskulen. I tillegg er det lagt til rette for å få ein god dialog mellom skulane sine «brukarrepresentantar» og skuleeigar.

I kommunedirektøren sin gjennomgang av høyringsinnspel er det lagt vekt på at innspel til forbetring må samsvare med at *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* skal utformast på eit overordna nivå.

Høyringsinnspel og kommunedirektøren si vurdering

1. Organisering av skuledemokratiet (ny § 5 i forskrifta)

A Elevråd (§ 10-5)

- Høyringsinnspela støttar ordninga med elevråd som er valt av elevane ved skulen, slik ordninga er i dag / har ingen merknadar.

B Arbeidsutval (opplæringslova § 10-5)

- Høyringsinnspela støttar ordninga med at kvar skule skal ha arbeidsutval som er valt av foreldra ved skulen, etter same ordning som i dag / har ingen merknadar.

C Andre brukarorgan (opplæringslova § 10-5)

- Høyringsinnspela støttar ei vidareføring av ordninga med samarbeidsutval ved kvar skule, etter same ordning som i dag / har ingen merknadar.
- Høyringsinnspela støttar ei vidareføring av ordninga med skulemiljøutval ved kvar skule, etter same ordninga som i dag / har ingen merknadar.

Kommunedirektøren registrerer at alle høyringsinnspela støttar ei organisering av skuledemokratiet slik det fungerer og er organisert i dag.

2. Regulering i elevane sin bruk av mobilar og smartklokker i skuletida

D

- om ein støttar innarbeidde punkt i skulereglane for elevane sin bruk av mobiltelefon og smartklokke på skulen
- ev innspel til anna ordning for elevar sin bruk av mobiltelefon og smartklokke

Innspel frå FAU ved Brandsøy skule og barnehage om å presisere at «smartklokke» gjeld alle typar klokker som kan kommuniserast gjennom og/eller nyttast til å ta bilete, for å unngå at treningsklokker ikkje vert samla inn.

Utdanningsforbundet Kinn har innspel til

- § 10 *Reglar for god åtferd*, om at «smartklokke» endrast til «mobilklokke».
- § 11 *Bruk av elektroniske hjelpemiddel*, unødvendig å presisere behov knytt til helse, sosial samhandling eller læring. Forslag om å endre punktet til å handle om *enkeltelevar med særskilt behov*.

Elevrådet ved Vågsøy ungdomsskule har innspel til

- § 10 *Reglar for god åtferd*; smartklokker må kunne nyttast i friminutt. Det må vere forbod under prøver og liknande.

Utdanningsforbundet Kinn har innspel til

- § 13 *Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd*
 1. 4 *Inndraging av gjenstandar*, endring i punkt c då det ikkje er behov for «advarsel»; *Digitalt utstyr som t.d. mobiltelefon, mobilklokke eller nettbrett kan inndragast for inntil ein skuledag dersom elevae nyttar dei i strid med skulen sitt reglement.*
 2. 4 *Inndraging av gjenstandar*, endring i punkt c; «etter ein advarsel»

må strykast, då mobil, smartklokke skal leverast inn eller ligge i sekk, jf § 10. Ein opnar opp for å akseptere regelbrot om ein har med «etter ein advarsel» i § 13.c.

Innspel frå FAU og SU ved Stavang skule

- § 13 *Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd*
 3. 4 *Inndraging av gjenstandar*, endring i punkt c; «etter ein advarsel» må strykast, då mobil, smartklokke skal leverast inn eller ligge i sekk, jf § 10. Ein opnar opp for å akseptere regelbrot om ein har med «etter ein advarsel» i § 13.c.

Kommunedirektøren merkar seg innspela frå FAU ved Brandsøy skule og barnehage og Utdanningsforbundet Kinn, om at elevar nyttar ulike typar «digitale» klokke. Det vert presisert at reglementet vil gjelde både smartklokke og mobilklokke.

Elevrådet ved Vågsøy ungdomsskule har innspel om at smartklokker må kunne nyttast i friminutt. Kommunedirektøren viser til at utdanningsdirektoratet anbefaler skuleeigar å ha ei streng regulering for bruk av både mobiltelefon og smartklokke, for m.a. å styrke skulemiljøet. Kommunedirektøren vurderer at bruk av mobiltelefon og smartklokke må handsamast likt, i heile skuletida inklusivt i friminutt.

Skulereglane skal innehalde opplysningar om elevane sine rettar og plikter, orden og åtferd, sanksjonar som skal brukast dersom elevane bryt reglane, og framgangsmåte når saker om brot på reglane skal handsamast. Kommunedirektøren ser at § 10, kulepunkt 9 og § 13-4 c) gjev grunnlag for ulik handtering og forståing av «regelbrot» om det står «etter ein advarsel», slik det vert påpeika av FAU og SU ved Stavang skule, og av Utdanningsforbundet Kinn. Dette vert korrigert ved å ta bort formuleringa «etter ein advarsel» i §10, kulepunkt 9.

Utdanningsforbundet Kinn har innspel om å endre tekst for kulepunkt 3 under § 11 *Bruk av elektroniske hjelpemiddel* til å handle om *enkeltelevar med særskilt behov*. Kommunedirektøren legg til grunn at høyringsutkastet tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar med nasjonal tilråding om elevane sin tilgang til og bruk av private mobiltelefonar og smartklokker på skulen. Her er det presisert *elevar som har særskilt behov for tilrettelegging knytt til helse, sosial samhandling eller læring*. Kommunedirektøren legg til grunn at presiseringa slik den er formulert i rettleiaren, gjev ei tydeleg forståing av handhevinga av regeleverket.

Følgjande presiseringar er innarbeidd med bakgrunn i høyringsinnspel:

- §10 *Reglar for god åtferd*, kulepunkt 9; Ikkje bruke mobiltelefon og smartklokke/**mobilklokke som kan nyttast til kommunikasjon og å ta bilete med** i skuletida. Dette gjeld også i friminutta.
- § 11 *Bruk av elektroniske hjelpemiddel*, kulepunkt 2; Privat IKT-utstyr som mobiltelefon, smartklokke, **mobilklokke**, nettbrett, berbare datamaskiner og liknande skal berre brukast etter avtale med skulen.
- § 11 *Bruk av elektroniske hjelpemiddel*, kulepunkt 3; Enkeltelevar med særskilte behov knytt t.d. til helse, sosial samhandling eller læring kan ha tilgang til mobiltelefon/smartklokker/**mobilklokke** etter avtale med skulen
- § 13 *Tiltak ved brot på reglane om orden og åtferd*, 4-c) Digitalt utstyr som t.d. mobiltelefon, smartklokke, **mobilklokke** eller nettbrett kan inndragast for inntil ein skuledag, dersom eleven nyttar dei i strid mot

skulen sitt reglement.

Kommunedirektøren vurderer at *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* med innarbeidde høyringsinnspel, vil danne grunnlag for at skulane får velfungerande arbeids- og læringsmiljø, og legg føringar for gode demokratiske prosessar som involverer foreldre og elevar.

Økonomiske konsekvensar:

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulen i Kinn, gjev ikkje økonomiske konsekvensar slik det er utforma.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov 9. juni 2023 nr 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa
<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/anbefalinger-for-mobilbruk-og-smartklokker-i-skolen/elever-med-sarskilte-behov/>

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Endringsforslag fra SP, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti
§ 11: andre og tredje kulepunkt vært slått saman, og endra til "grunnskulane i Kinn er mobilfri. Elevar med særskilt behov skal ha tilgang til mobiltelefon/smartklokke/mobilklokke

Røysting:

Framlegg frå SP falt med 14 røyster frå SP, AP, KrF og 1 SV v/Nilsen.
Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 096/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 05.06.2024:

§11, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti
Andre og tredje kulepunkt i §11 vert slått saman, og endra til "Grunnskulane i Kinn er mobilfri. Elevar med særskilt behov kan ha tilgang til mobiltelefon/smartklokke/mobilklokke."

Røysting:

over framlegg frå Elisabeth Halsne
3 stemmer for, Aud Norunn Vig (Krf), Miriam Nesje (Frp) og Elisabeth Halsne (Sp)
Falt mot 4 stemmer:
Morten Mortensen (H) , Dagrunn Kvalheim (H), Knut Robert Knutsen (R), Hilmar Eliasson (V)

OPKUV- 038/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova §

10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.06.2024:

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte.

Røysting:

Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

RMNF- 025/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta *Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune* (jf. opplæringslova § 10-7), slik det går fram av vedlegget til saka.

Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune gjeld frå 01.08.2024.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 28.05.2024:

§11, foreslått av Elisabeth Halsne, Kinn Senterparti

Andre og tredje kulepunkt vert slått saman til "Grunnskulane i Kinn er mobilfri. Elevar med særskilte behov knytt til helse, sosial samhandling eller læring kan ha tilgang til mobiltelefon/smartklokke/mobilklokke etter avtale med skulen."

Utsettingsvedtak, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Sak vert utsatt til neste møte den 5 juni 2024, slik at sak vert handsama i Råd for menneske med funksjonsevne.

Revidert utsettingsforslag, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Sak vert utsatt til neste møte den 5 juni 2024, slik at sak vert handsama i Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne.

Kommunalsjefen orienterte og svarte på spørsmål

Tilleggsforslag framsett av Elisabeth Halsne (Sp) følgjer saka

Røysting:

Utsettingforslag sett fram av Hilmar Eliasson (V) samrøystes vedtatt

OPKUV- 029/24 Vedtak:

Sak vert utsatt til neste møte den 5 juni 2024, slik at sak vert handsama i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg i saken:

Høyringsutkast med innspel - Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune

Høyringsutkast med innspel - Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn kommune

Følgjeskriv

Følgjeskriv

Høyering Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn

Høyring Forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
Følgjeskriv
Følgjeskriv
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulen i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulen i Kinn
kommune
Følgjeskriv
Følgjeskriv
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulen i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulen i Kinn
kommune
Følgjeskriv
Følgjeskriv
Høyringsinnspel forskrift om skuledeomkrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledeomkrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Høyringsinnspel forskrift om skuledemokrati og skulereglar for grunnskulane i Kinn
kommune
Referat møte nr 4 FAU
Referat møte nr 4 FAU
Referat, Elevrådet 17.04.2024
Referat, Elevrådet 17.04.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.06.2024
041/24	Oppvekst- og kulturutvalet	05.06.2024
024/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	05.06.2024
097/24	Kommunestyret	13.06.2024

Tilstandsrapport 2023 - Kinn barnevern

KOST- 097/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 05.06.2024

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 05.06.2024

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

Bakgrunn for saka:

Frå 01.01.2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gang i året skal få ei orientering om tilstanden i barnevernstenesta (bvl § 2-1 åttande ledd).

Barnevernstenesta i Kinn kommune har nå utarbeidd Tilstandsrapport – 2023. Tilstandsrapporten vert presentert i Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet før den går vidare til handsaming i Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre og kommunen si administrative leiing har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta vert forvalta i samsvar med gjeldande regelverk, og at tenesta som vert ytt er forsvarleg.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barnevernstenesta (jf kommunelova § 25-1).

Rapporten skal bidra til auka bevisstheit i høve kva som er godt barnevern, kunnskap om barneverntenesta sin kapasitet, oppfyljing av tidsfristar, ressursbruk og samarbeid med andre instansar. Tilstandsrapporten er såleis eit verkty som sikrar kommunen si styring og systematiske kontroll med at barneverntenesta utfører arbeidet slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for.

Tilstandsrapporten for 2023 gjev orientering om m.a:

- Kinn barnevern si organisering
- Oppgåver og ansvar
- Status i høve ulike tema som:
 - ny barnevernlov gjeldande frå 2023
 - krav til kompetanse hos tilsette og arbeidet med kompetansebygging
 - samarbeidet i oppvekstsektoren knytt til arbeid med førebygging og tidleg innsats
 - tilsyn
- Ulike område som barneverntenesta rapporterer og vert målt på, og barnevernleiar si vurdering av dette
- Økonomi
- Utfordringar
- Innsatsområde og tiltak

Vurderingar:

Tilstandsrapporten synleggjer barnevernet sitt arbeid og gjev viktig informasjon til administrativ og politisk leiing om ansvaret og kvaliteten i tenestetilbodet.

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Kinn barnevern i juni 2023, som del av landsomfattande tilsyn med barneverntenesta si oppfølging av barn plassert i fosterheim. Hausten 2023 er det lagt ned omfattande arbeid med å lukke avvik. Dette arbeidet har handla om aktivt å jobbe med internkontroll for å forbetre og implementere rutinar og prosedyrar, og endring i organiseringa av arbeidsoppgåver for m.a. å kvalitetssikre arbeidsprosessane og sakshandsaminga for å sikre ein felles og forsvarleg praksis.

Det er ein auke i talet på meldingar frå 2022 til 2023, og ein auke i barnevernsaker som omhandlar alvorleg psykisk uhelse, rus, og atferd/kriminalitet. Dette er saker som kan føre til kostnadskrevjande tiltak. Kommunedirektøren viser til barnevernleiar si vurdering av arbeidet med meldingar, undersøkingar, tiltaksarbeid, barn under omsorg og arbeidet med ettervern. Tal på barn under omsorg i institusjon er av personvernomsyn ikkje synleggjort i rapporten.

Barneverntenesten deltek i tverrfagleg førebyggjande arbeid og arbeid med tidleg innsats, og samarbeider med andre tenester i oppvekstsektoren i «laget rundt barnet». Kommunesdirektøren vurderer at det tverrfagleg arbeidet vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats med å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnevernlova

Endringar i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:

Sak utsettast.

KOST- 097/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 05.06.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

HSOUV- 024/24 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 05.06.2024:

Miriam Nesje sin habilitet vurdert. Ho er tilsett av Kinn barnevern som fosterfamilie. Miriam Nesje vert vurdert som habil i handsaminga av tilstandsrapporten.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 041/24 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

**Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
04.06.2024:****Røysting:**

Kommundirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tatt til vitande.

RMNF- 026/24 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2023 til vitande.

Vedlegg i saken:

Tilstandsrapport Kinn barnevern 2023